

MASTEROPPGÅVE

SAMARBEID SKULE - NÆRINGSLIV

Unni N. Krogsæter

Studium: Samfunnsplanlegging og leiing
2021

IPA308

Tal ord: 25367

Forord

Denne masteren er min andre i rekka og vil avslutte 10 år med studier, nesten samanhengande, med full jobb det meste av tida. Det har vore ei flott reise og denne masteren håper eg kunne gje meg ei hjelp vidare i det arbeidet eg skal til med i den noverande jobben eg har som rektor ved ein skule. Eg har lenge vore interessert i å kunne skape gode samarbeidsarenaer mellom grunnskule og næringsliv og eg håper at dei funna eg har avdekt her kan vere ei hjelp på vegen vidare som eg skal til med no.

Studiet i samfunnsplanlegging og leiing har gitt meg ei god innsikt i kommunale og regionale prosessar og har gitt meg ei større forståing for korleis ein må arbeide for å få til ting i rett rekkefølgje. Det har også gitt meg kunnskap om leiing som eg har stor bruk for i jobben.

Takk til kjekke informantar som har sagt ja med ein einaste gong og bidratt med verdfull informasjon. Det har vore tydeleg for dei eg har snakka med at dette har vore eit viktig tema og som alle ønskjer skal utvikle seg, frå ulike perspektiv. Eg vil trekke fram Høgskulen i Volda som gjennom mange år har vore studieplassen både fysisk og digitalt. Takk til rettleiar Bjarte Folkestad som har kome med gode innspel gjennom prosessen. Stor takk til dotter mi Marit N. Krogsæter som har tatt seg tida til å lese korrektur og til sonen Vegard Krogsæter som har kvalitetsikra samandraget på engelsk i ein hektisk kvardag. Og til mannen min som har støtta oppunder meg alle desse åra og som har oppmuntra meg undervegs.

Og til slutt; no ser eg fram til å lese skjønnlitterære bøker og verkeleg ta tida litt tilbake til alt det andre som livet handlar om. I løpet av desse studieåra har eg vorte bestemor og mormor til sju flotte barnebarn som eg ønskjer å bruke meir tid på. Takk for meg når det gjeld studier.

Krogsætra/Harøy 25.05.2021

Unni N. Krogsæter

Samandrag

Temaet i denne masteroppgåva er samarbeid mellom grunnskule og næringsliv. Og problemstillinga er som følgjer; *Korleis arbeider grunnskulane med å få til eit konstruktivt samarbeid med næringslivet i lokalsamfunna sine?* Temaet er aktuelt fordi elevane som skulen har i dag skal ut i eit arbeidsliv vi ikkje heilt veit korleis det vil sjå ut om nokre år. Arbeidsmarknaden er stadig i endring og skulen må følgje med på kva næringslivet i lokalsamfunna vil trenge om nokre år.

Formålet med denne oppgåva er å avdekke kva for faktorar som er med å styrke eit samarbeid mellom grunnskule og næringsliv og på denne måten legge til rette for eit konstruktivt samarbeid som alle partar kan finne gjevande. Bedriftene treng rekruttering og skulen treng ein fysisk arena å vise elevane kva for moglegheiter som finnast i lokalmiljøet for å gjere sikrare val når dei skal velge linje på vidaregåande skule. Då er det viktig at ein brukar tid og ressursar i grunnskulen.

Oppgåva har brukt kvalitativ metode i tilnærminga si til temaet for å avdekke kva for erfaringar dei ulike informantane sit med, og kva faktorar som er viktig i eit samarbeid mellom grunnskule og næringsliv.

Ein gjennomgang av litteratur til dette temaet viste seg at ein del var skrive om samarbeid mellom vidaregåande skule og næringsliv, og heller lite om grunnskule, men ein kan ha ei antaking om at mykje av den litteraturen kan ha relevans for grunnskulen òg.

Dei faktorane som kom fram var at ein treng eldsjelene som kan å prate med ungdom, dette var uavhengig av om ein hadde formaliserte avtaler eller ikkje. Og at det ikkje var så viktig at avtalar var formaliserte, ein del meinte at det vart meir dynamisk å gjere avtalar frå år til år. Likevel så erfarte eine kommunen at den formalisert avtalen kunne ha ført til ei større søking til særskilte linjer på vidaregåande skule. Det kom òg fram at det var viktig med forankring, heilt frå kommunaleiing til dei lærarane som skulle gjennomføre dette samarbeidet i praksis. Dette kunne føre til ei betre gjennomføring for alle parter. Lokalsamfunnet spelar ei rolle og det kan synast at mindre lokalsamfunn med eit tettare nettverk har ein større sjanse til å få til eit godt og konstruktivt samarbeid med bedriftene i området.

Summary

The theme for this master's thesis is cooperation between schools and local businesses. The research question is as follows: ***How do schools work towards a constructive cooperation with businesses in their local communities?*** This subject is relevant because the pupils that are in school today are going into different lines of work that we do not quite know what will look like in a few years. The labour market is constantly changing and schools need to keep up with what the local businesses will need in a few years.

The purpose of this thesis is to find what factors are needed to strengthen cooperation between schools and businesses and by this facilitate a constructive cooperation that all parties can benefit from. The businesses need to recruit workers and schools need a place to show pupils what possibilities there are in the local community to make them more certain in their choice of education in upper secondary school. Therefore it is important to use both time and resources in primary school.

This thesis has used qualitative research to uncover the different experiences amongst the different respondents, and what factors are important for cooperation between primary school and businesses.

A review on literature connected to this subject showed a lot of works on cooperation between upper secondary school and businesses, and rather few regarding primary school, but one can assume that this literature could be relevant for primary schools as well.

Those factors that were revealed were the need for people that would speak to the young, regardless of formalized agreements or not. And that formalized agreements were not so important, but rather more dynamic, year-to-year agreements.

However, one municipality experienced that the formalized agreement could have resulted in an increase of applicant to certain courses in upper secondary school. Another factor that was revealed was that everyone from the municipal management to the teachers that would have to go through with this cooperation. This could lead to better implementation for all parties. The local community plays a part in all this and it appears that a smaller community with closer ties seems to have a greater opportunity for a good and constructive cooperation with local businesses.

Innhaldsliste

1.	INNLEIING	6
1.1	BAKGRUNN.....	6
1.2	TEMA OG PROBLEMSTILLING.....	7
1.3	AVGRENSING AV OPPGÅVA.....	8
1.4	GANGEN I OPPGÅVA.....	8
2.	KONTEKST	8
2.1	FN SINE BEREKRAFTSMÅL	9
2.2	21ST. CENTURY SKILLS	10
2.3	LOKALSAMFUNNSKONTEKSTEN.....	11
2.4	STRATEGIPLAN.....	12
2.4.1	<i>Entreprenøriell læreprosess</i>	13
2.4.2	<i>Ungt Entreprenørskap</i>	15
2.4.3	<i>Arbeidslivsfaget.....</i>	16
2.4.4	<i>Lektor2-ordninga.....</i>	17
2.4.5	<i>Programval for fag / Utdanningsval.....</i>	17
2.5	OPPSUMMERING.....	18
3.	TEORI OG TIDLEGARE FORSKING	19
3.1	SOSIAL KAPITAL – BAND OG BRUER.....	19
3.2	SYSTEMTENKING	20
3.3	AKTØR- NETTVERKSTEORI	22
3.3.1	<i>Barn og unge som aktørar i eigne liv.....</i>	22
3.3.2	<i>Organisasjons- og erfaringsslærings</i>	23
3.4	NÆRINGSLIV I SKULEN.....	23
3.5	KULTUR FOR SAMARBEID	25
3.6	SAMARBEID SKULE- BEDRIFT – YRKESFAG	26
3.7	OPPSUMMERING.....	28
4.	METODE.....	30
4.1	FORSKINGDESIGN	30
4.1.1	<i>Casestudie.....</i>	31
4.1.2	<i>Fenomenologisk tilnærming.....</i>	31
4.1.3	<i>Den hermenutiske sirkelen.....</i>	32
4.1.4	<i>Mi forforståing</i>	33
4.2	UTVAL AV INFORMANTAR	35
4.3	DATAINNSAMLING	36
4.4	VURDERING AV KVALITET AV INNSAMLA DATA	36
4.4.1	<i>Gyldigkeit - (validitet).....</i>	37
4.4.2	<i>Pålitelegheit – (reliabilitet).....</i>	39
4.5	FORSKINGSETIKK	39
4.5.1	<i>Personopplysningar og innhenting av data.....</i>	40
4.5.2	<i>Utfordringar</i>	40
4.5.3	<i>Informert samtykke</i>	40
4.5.4	<i>Tieplikt og anonymitet</i>	41
4.5.6	<i>Analyse av materialet</i>	41
5.	PRESENTASJON AV KOMMUNAR OG INFORMANTAR	42
5.1	FJELL KOMMUNE	43
5.1.1	<i>Næringsstrategi for Fjell kommune</i>	43
5.2	FJORD KOMMUNE	44
5.3	BERG KOMMUNE.....	44
5.3.1	<i>Entreprenørskapsløype</i>	45
5.4	PRESENTASJON AV BEDRIFTENE OG INFORMANTANE	45

5.5	PRESENTASJON AV SKULANE OG RÅDGJEVARANE.....	45
6.	SAMARBEID SKULE OG NÆRINGSLIV	46
6.1	FORANKRING.....	46
6.2	LOKALSAMFUNNSKONTEKT OG NETTVERK	48
6.3	ORGANISERING AV SAMARBEIDET	51
6.3.1	<i>Organisering av dei ulike programma</i>	51
6.3.2	<i>Organisering av Lektor2-ordninga.....</i>	52
6.3.3	<i>Organisering av arbeidslivsfag.....</i>	53
6.3.4	<i>Ungt Entreprenørskap sine program</i>	54
6.3.5	<i>Arbeidsveka - PRYO</i>	56
6.3.6	<i>Utdanningsval</i>	56
6.4	FORDELAR MED EIT SAMARBEID MELLOM SKULE OG NÆRINGSLIV	57
6.5	FORMALISERING AV SAMARBEID	59
6.6	RELEVANTE OG AUTENTISKE ARBEIDSOPPGÅVER	62
6.7	KULTUR FOR LÆRING	63
6.8	UTFORDRINGAR	65
6.9	VEGEN VIDARE.....	68
7.	OPPSUMMERING	69
8.	KJELDELISTE	74
VEDLEGG NR. 1		78
VEDLEGG NR. 2		81
VEDLEGG NR. 3		82
VEDLEGG NR. 4		83

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Mykje av tidlegare forsking på samarbeid mellom skule og næringsliv er gjort på vidaregåande nivå og dermed er kunnskapsgrunnlaget når det gjeld samarbeid grunnskule og næringsliv heller lite. Dette kunnskapshølet skal denne oppgåva vere med å tette. Det å kunne setje søkjelyset på ei utfordring og ein moglegheit for elevar til å kunne ta eit endå sikrare val på kva dei vil arbeide med, og korleis skulen i samarbeid med næringslivet kan bidra til dette allereie i grunnskulen, kan vere med å bidra positivt. Opplæringslova slår fast følgjande om formålet med opplæringa: «Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring» og vidare «Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningars for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalte skaparglede, engasjement og utforskarktronng» (Lovdata, 1998). Det er dette mandatet skuleleiaren skal styre skulen etter og dermed er elevar og lærarar ein del av dette mandatet. Skuleleiaren har det overordna ansvaret for å legge til rette ei undervisning som elevane kan få skaparglede, engasjement og utforskarktronng. Samfunnet vårt er i rask endring og vi med den. Difor er det viktig å vere med å skape dei arenaene elevane kan kombinere teori og praksis og dermed få relevans til det framtidige arbeidslivet. Eit arbeidsliv som kan sjå heilt annleis ut enn det som er no. Vi kan kome til å trenge fleire som kan vere entreprenørar og som kan tenke nytt og vere kreative.

Hovudgrunnen til at eg valgte dette temaet er at eg lenge har interessert meg for korleis ein kan legge betre til rette for eit samarbeid mellom skule og næringsliv, og spesielt etter at eg starta som lærar for nokre år sidan og såg at mange elevar var usikre i vala sine. Etter at eg vart rektor på ein skule såg eg sjansen til å forankre dette i leiinga ved skulen og skulle starte dette arbeidet. Det gjekk eit par månader og så vart skulen og samfunnet stengt ned, sidan det har bedrifter, skule og samfunnet elles hatt store restriksjonar på besøk og anna samarbeid som inneber fysisk oppmøte på grunn av covid-19. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg vorte meir bevisst på kva som er lurt og gjere og kva ein kan unngå. Dette kan vere funn som vil vere viktige bidrag å ta med meg vidare til samfunnet opnar igjen og vi kan ha ein meir normal omgang i dagleglivet. I det vidare arbeidet vil eg ta opp følgjande tema.

1.2 Tema og problemstilling

Tema for oppgåva er samarbeid mellom skule og næringsliv. Eg har jobba ein del med dette og det er interessant fordi ein ser at mange elevar slit med teori på skulen og ein kan på denne måten vere med å skape eit betre læringsmiljø for elevar som ønskjer å kombinere teori med praksis. Det er ein del forsking som går på samarbeid mellom skule og næringsliv, men då primært vidaregåande skule, og heller mindre når det gjeld grunnskule. Kan ei tidlegare introdusering til næringslivet gjere elevane betre rusta til å ta sikrare val av vidaregåande linje seinare? Om elevane skal kunne gjere gode val, så er det i grunnskulen ein må gje dei ei retning på kva linje dei vil velge seinare. Det kan ein gjere ved å kartlegge og gje dei ein introduksjon gjennom utdanningsval og arbeidslivsfaget, og det gjer dei i løpet av ungdomsskulen. Då er det viktig at ein legg eit godt grunnlag tidleg på ungdomsskulen slik at dei kan få eit innblikk i ulike yrker og studieretningar.

Det som òg er viktig i dette biletet er at den læringsaktiviteten er meiningsfull slik at dei opplever at det dei gjer i bedrift er relevant for det dei lærer på skulen. Samstundes kan ein stille spørsmål med om det er for tidleg for å ta viktige val når ein er så ung. Ein kan vere usikker, lei av skulen og manglar motivasjon til vidare skulegang, men då er det viktig at ein kan setje inn tiltak tidleg som for eksempel arbeidslivsfaget, og ulike program som gjer undervisninga mindre teoretisk og meir praktisk. Ut i frå dette så har eg kome fram til følgjande problemstilling:

- ***Korleis arbeider grunnskulane med å få til eit konstruktivt samarbeid med næringslivet i lokalsamfunna sine?***

Oppgåva vil sjå nærmare på kva faktorar som er viktige i samarbeid mellom skule og næringsliv og korleis dei verkar inn på kvarandre. Kan det vere slik at grunnskulane er avhengig av å ha eit godt kommunalt støtteapparat for å skape eit godt samarbeid med næringslivet, eller vil det spele mindre rolle og at ein heller ser at det er krefter i lokalsamfunna som er viktigare? Er ein avhengig av kva type næringsliv som er på staden? Dette er ein del moment av det oppgåva skal handle om.

1.3 Avgrensing av oppgåva

Denne oppgåva skal ta for seg grunnskulane sitt samarbeid med næringslivet og korleis det blir løyst i tre ulike lokalsamfunn i tre ulike kommunar. Oppgåva vil sjå nærmere på korleis dei ulike lokalsamfunna arbeider med dette temaet. Ein føresetnad var at oppgåva skal ta for seg grunnskular og at dei i hovudsak skal tilby anten arbeidslivsfag, entreprenørskapsløype gjennom Ungt Entreprenørskap, Lektor2 eller UTV (Utdanningsval). Av dei grunnskulane som er undersøkt så tilbyr alle tre skulane det same bortsett frå Lektor2-ordninga som berre ein skule er med i. For å få inn andre perspektiv har eg valgt å ta bedrifter som samarbeider med to av skulane og to næringssjefar som ser på dette frå eit meir overordna nivå. Næringssjefane ser dette frå to kantar, både den kommunale og den private delen. Eg vil kome nærmere innpå korleis dei er organisert.

1.4 Gangen i oppgåva

I kapittel ein vil oppgåva ta for seg tema, problemstilling og kva for avgrensing som er gjort. I kapittel to vil eg sjå oppgåva i kontekst – kva som er med å styrer eit samarbeid skule og næringsliv. Her vil eg starte på eit makronivå og nemne styringssignal slik som FN sine berekraftsmål, 21. Century Skills, ulike stortingsmeldingar, kva lokalsamfunnet har å seie for samarbeidet mellom skule og næringsliv. Deretter vil eg ta fram dei ulike verkemidla og ordningane som skulane kan bruke i eit samarbeid med næringslivet. I kapittel tre tek eg for meg teori som mellom anna inneheld sosial kapital, Peter Senge (1996) si systemtenking og aktørperspektivet, til sist i dette kapittelet vil oppgåva ta for seg tidlegare forsking som er gjort med tanke på samarbeid skule og næringsliv. I kapittel fire vil eg gå nærmere inn på metode. I kapittel fem så vil eg presentere dei ulike informantane og kommunane som er med i undersøkinga. I kapittel seks tek eg for meg datamaterialet og ser det opp mot teori og tidlegare forsking. Og til slutt i kapittel sju vil eg ha ei kort oppsummering.

2. Kontekst

Oppgåva må sjåast i lys av kva for overordna rammeverk som styrar skulane sitt handlingsrom når det gjeld eit samarbeid med næringslivet. Kommunane får styringssignal i form av mellom anna berekraftsmåla til FN og det er difor naturleg å nemne dei. OECD er òg med og påverkar korleis skulane skal drivast. Stortingsmeldingar som ligg lagt fram er òg

med å styre kva skulen skal drive med i form av ulike læreplaner, program og ulike fag som skal vere med å legge til rette for eit samarbeid.

2.1 FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er eit overordna styringsreiskap som legg føringar for alt arbeid som skjer nasjonalt, regionalt og lokalt. Det er totalt 17 berekraftsmål der nr. 4 *God Utdanning*, delmål 4,7 er aktuell for denne oppgåva:



Innen 2030 sikre at alle elever og studenter tilegner seg den kompetansen som er nødvendig for å fremme bærekraftig utvikling, blant annet gjennom utdanning i bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettigheter, likestilling, fremme av freds- og ikkevoldskultur, globalt borgerskap og verdsetting av kulturelt mangfold og kulturens bidrag til bærekraftig utvikling (FN-Sambandet, 2021).

Delmål 9,4, *Industri, innovasjon og infrastruktur*:



«Innen 2030 oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli mer bærekraftig, med mer effektiv bruk av ressurser og mer utstrakt bruk av rene og miljøvennlige teknologiformer og industriprosesser, der alle land gjør en innsats etter egen evne og kapasitet» (FN-Sambandet, 2021).

Og tilslutt berekraftsmål nr. 17, delmål 17.7, *Samarbeid for å nå måla*:



«Systemiske spørsmål - Partnerskap mellom flere interesser. Stimulere til og fremme velfungerende partnerskap i det offentlige, mellom det offentlige og det private og i det sivile samfunn som bygger på partnerskapenes erfaringer og ressursstrategier» (FN-Sambandet, 2021).

God utdanning er viktig for å vere rusta til eit raskt skiftande arbeidsliv som endrar seg i takt med den teknologiske utviklinga og globaliseringa. For å skape nye arbeidsplasser er vi avhengig av å ha kompetent arbeidskraft som raskt kan omstille seg og for å legge til rette for innovasjon slik at ein kan satse på meir bærekraftige og miljøvenlege metodar og arbeidsmåtar. For å få til dette så er ein avhengig av å skape gode møtestader og å samarbeide med både offentlege, private og frivillelege instansar. Dette er førande for dei planverk og

satsingar ein gjer frå kommunalt hald. Dette går igjen i det som Kunnskapsdepartementet legg til grunn i den nye læreplana som er ei fornying av Kunnskapsløftet, LK20. Samarbeid om å nå måla har vore tema på samarbeidsmøte mellom skuleleiarar og bedriftleiarar i kommunal regi, som det står meir om i kap. 4.1.4.

2.2 21st. Century Skills

21st. Century Skills, det er i denne konteksten at skuleleiarar skal skape moglegheiter og utfordringar for både lærarar og elevar. Legge til rette for at alle får utvikle seg på ein best mogleg måte og få oppleve meistring. Den nye læreplana LK20 skal vere med å skape ei annleis tenking på faga og korleis ein skal arbeide. Det handlar om 21st. Century skills.



Partnership for 21st.Century Skills vart grunnlagt i USA i 2002 og var eit samarbeid mellom private aktørar, utdanningsleiarar og nasjonale utdanningsstyresmakter der målet skulle vere eit breiare kompetanseomgrep. Ut frå dette samarbeidet kom eit rammeverk som definerte ein del kompetanser som var viktig, dei fire c-ane som er Critical thinking – Communication –

Collaboration – Creativity (Kunnskapsdepartementet, 2014:119).

Det som vidare var veklagt som andre viktige kompetanser for aktiv deltaking i eit framtidig arbeidsliv er teknologiutvikling, globalisering, kulturelt mangfald og demokrati, klima og miljø og den raske utviklinga i kunnskapssamfunnet (Kunnskapsdepartementet, 2014:12).

Om ein skal sjå det heile i ein kontekst opp mot samfunnet rundt oss, er det at vi er i stadig endring. Arbeidslivet endrar seg heile tida, jobbar forsvinn og nye kjem til. Skulen sitt mandat, innhald og aktivitet blir styrt og påverka frå mange ulike nivå, nasjonalt, regionalt og lokalt.

I 1992 vart det publisert ein OECD-rapport med tittelen «Schools and Businesses: A New Partnership». Denne viser til at det er ei sterkt aukande interesse for samhandling mellom utdanningsinstitusjoner og lokalmiljø som partnerskap med gjensidige interesser. Ein kan sjå

dette i eit historisk perspektiv, der ein i det gamle bondesamfunnet fekk overført kunnskap frå den eine generasjonen til den andre. «*Kunnskap om fortid er et middel for å forstå nåtid og sette mål for framtid.*». Dette er også framheva av NHO sitt kompetansebarometer (2014) der ein ønskjer eit sterkare samarbeid og framhevar at besøk av elevar og studentar til bedriftene for å lære meir om dei ulike arbeidsoppgåvene og yrka som er representert er høgast verdsatt. Deretter er det at elevar/studentar får reelle oppgåver og utfordringar som er relevant for bedrifta. (Carlsten, Rørstad, Børning, & Solberg, 2014). Mange av desse elementa vil oppgåva ta for seg under drøftinga av datamaterialet i kap. 6.

2.3 Lokalsamfunnkonteksten

Skulen og lokalsamfunnet bør vere i partnerskap for å bidra til strukturering av kvardagserfaringar. I mange bedrifter går produksjonen automatisk og elektronisk, krava til HMS er strenge og endringar skjer i eit stort tempo. Difor kan det vere vanskeleg å sjå ein samanheng mellom den kunnskapen skulen gjev og til dei behova som næringslivet har. (Ødegård, 2013:131). Det er viktig at skuleleiaren er bevisst dette og kan legge til rette og bruke handlingsrommet som ein har og gode eksterne krefter som lokalsamfunnet kan gje oss.

I Stortingsmelding nr. 11 2009 vert det framheva læraren sin rolle til samfunnet rundt seg:

Lokalsamfunnet er en vesentlig del av elevenes læringsmiljø. Et godt samspill mellom skolens personale og nærings- og arbeidsliv, kunst- og kulturliv og andre deler av lokalsamfunnet kan styrke og berike læringsarbeidet og gjøre opplæringen i fagene mer konkret, praksisrettet og virkelighetsnær. Samarbeid med lokalsamfunnet gir nye læringsarenaer, fremmer entreprenørskap og bedrer elevenes grunnlag for yrkes- og utdanningsvalg. Det er derfor departementets mening at lærere bør virke sammen med lokalt arbeids- og organisasjonsliv i arbeidet med å kvalifisere barn og unge for framtidig utdanning og arbeidsliv (Kunnskapsdepartementet, 2009:14-15).

Lokalsamfunnkonteksten – eit mangfold av læringsarenaer. Eit sterkt og berekraftig lokalsamfunn blir kjenneteikna av ein tydeleg identitet. Innad vil eit godt lokalsamfunn gje god sjølvtillit og utad vil lokalsamfunnet danne ein profil (Johannisson & Madsen, 1997). Dette er med å skape stoltheit og er med på å fremje initiativ både hjå barn og unge (Ødegård, 2013). Eit sterkt lokalsamfunn kan bidra til ein bevisstgjering av kva ein har rundt seg og kva

som er verdt å ta vare på. I oppgåva er det skular som har eit godt samarbeid med bedriftene i lokalsamfunnet som vi skal sjå nærare på.

Kommunar som tidlegare arbeidde med næringsutvikling på 80-talet vart etterkvart meir fokusert på busetjing. Og det nye stikkordet var bulyst, og ein håpa på at auka busetjing òg kan gje auka sysselsetjing (Bukve, 2012:238). I mange lokalsamfunn er det verksemder som har vore der lenge, såkalla hjørnestensbedrifter som betyr mykje for busetjing og arbeidsplassar. Og dei har ofte eit nært og godt samarbeid med det øvrige lokalmiljøet. Vil desse verksemndene ha noko å seie for eit godt og konstruktivt samarbeid med skulane?

Det er viktig at det som skjer i skulen også blir formidla ut til i lokalsamfunnet. Dette er fordi elevane som går på skulen også er dei same som bur i området og som ein gong i framtida vil kunne arbeide i det same lokalsamfunnet. Difor er det viktig at ein greier å skape gode relasjonar til dei som opererer i det same samfunnet. Dette gjeld særskilt næringslivsleiarar som bidreg til arbeidsplasser i lokalsamfunnet. Ifølgje Quaglia (2017:59) så meiner han at kanskje næringslivsleiarar ikkje alltid forstår utdanning fullt ut, men at ein likevel må høyre på dei tankane og ideane dei måtte ha. Difor er det viktig å undersøkje kva er det som skal til for å få til eit samarbeid mellom skule og næringsliv og gjere det konstruktivt for begge parter. Skulen treng eit slikt samarbeid for å vise elevane kva som finnast og ikkje minst ha eit tilbod til dei som synest at teori er tungt og kjedeleg, og for å vise at det går an å praktisere teori med praksis. Næringslivet på si side viser til at dei ønskjer rekruttering. I mange lokalsamfunn er ein avhengig av lokal arbeidskraft på grunn av geografi og at ein ønskjer ei stabil arbeidskraft som er lokalt forankra. Og i desse covid-19 tider så har det vist at lokal arbeidskraft har vore viktig. Dette kjem ein tilbake til seinare i oppgåva.

2.4 Strategiplan

I strategiplana for regjeringa Stoltenberg II (2005-2013) så var to av måla følgjande:

- ***Auka kontakt med nærings- og samfunnsliv***

Lokale bedrifter og øvrig samfunnsliv må trekkast inn som samarbeidspartnere. Stimulering av slikt samarbeid vil gje auka kunnskap om kva samarbeid om entreprenørskap betyr for både skule og nærings- og samfunnsliv, og auke motivasjon for etablering av partnerskap.

- ***koordinere innsats, synliggjere og følgje opp ansvar***

Ei vellukka satsing på entreprenørskap i utdanninga krev langsiktigheit og koordinert innsats frå Fylkesmannen (no: Statsforvaltaren), fylkeskommuner, kommuner, skuleleiing, lærarar, arbeids- og næringslivsorganisasjonar og lokalt næringsliv, og med ei klar ansvarliggjering av aktørane.

Denne strategiplana la ein del føringar opp mot næringsliv og lokalsamfunn og som spegla stortingsmeldingar frametter. Dette kjem eg tilbake til.

2.4.1 Entreprenøriell læreprosess

Kva faktorar er med på å skape ein entreprenøriell læreprosess? Ifølgje Bukve, i (Ødegård, 2013:132), består det både av personar, lokale og eksterne ressursar. Personane kan vere lokale eldsjeler som betyr noko i lokalsamfunnet, innehavar ulike kompetansar og har gode nettverk. Dette kjem i kapittel 6.6.

Lokale ressursar kan vere at ein har ein felles kultur og lokal identitet, og det å kunne samlast om ein ytre trussel som til dømes kan vere ei nedlegging av skule eller bedrift.

Eksterne ressursar kan vere at ein hentar inn økonomiske og/eller personrelaterte ressursar. Dette er faktorar som kan nyttast til å skape eit konstruktivt nettverk mellom skule, næringsliv og lokalsamfunn. Men dette krev at nokon tek initiativ til samarbeid, alle kan ikkje sitte og vente på at den andre parten skal gjere noko, og det er her eldsjelene må opp og fram i lyset. Det er viktig at ein er villig til å skape noko ilag (Ødegård, 2013:132). Kvifor er dette temaet viktig i samanhengen der ein ser på samarbeidet mellom skule og næringsliv? Samfunnet rundt oss er i stadig endring og skulen har som oppgåve å arbeide legge til rette for det læringsbehovet ein har behov for i dag, men må òg førebu elevane på framtida. Og ein skule som arbeider med pedagogisk entreprenørskap tek utgangspunkt i elevane sitt framtidige læringsbehov.

Det er særleg tre forhold i opplæringa til entreprenørskap som er viktig å ta med seg:

1. Undervisning og opplæring må fokusere på og ta omsyn til personlege eigenskapar slik som sjølvtillit, sosial evne og prestasjonsmotivasjon.

2. Undervisning og opplæring må organiserast og utformast med tanke på praktisk ferdighetstrening kombinert med teoretisk kunnskap og handlingsrelevans i alle fag.
3. Undervisning og opplæring må setjast inn i ein lokalsamfunnskontekst som handlar om lokal kultur, næringstradisjon og rollemodellar brukt som aktive deltakarar i skulen.

Definisjon for pedagogisk entreprenørskap kan ein forstå som følgjande:

«Handlingsorientert undervisning og opplæring i ein sosial kontekst med individet selv som aktør for egen læring, og hvor personlige egenskaper, evner, kunnskaper og ferdigheter danner grunnlag og retning for opplæringen» (Ødegård, 2013:15).

Det er haldningar meir enn manglande ressursar som hindrar utvikling av ein entreprenøriell skule i lag med manglande engasjement. Når næringslivet engasjerer seg i aktivitetane i lokalsamfunna sine vil det vere med å skape utvikling òg for dei sjølve. Om næringslivet og skulen samarbeider om konkrete prosjekt vil dei vise barn og unge ei større forståing og kjensle for lokalmiljøet. Næringslivet vil på denne måten verte ein aktør i barn og unge si utvikling, samt deltakande i å utvikle ein entreprenøriell kultur i lokalsamfunnet.

Lokale entreprenørar har ofte eit godt kontaktnettverk som kan brukast som ein ressurs. Og ein kan la dei kome inn i skulen for å formidle sine erfaringar og skulen sjølv kan òg inngå avtale om gjenvisitt når det passer inn i elevane sin læreprosess (Ødegård, 2013:135). Det å kunne bruke eksterne foredragshaldarar inn i skulen viser seg å vere motiverande i seg sjølv og Ungt Entreprenørskap er eit program der ein kan bruke lokale kapasitetar inn i dei ulike programma (Ungt Entreprenørskap, 2021). I Nesse, Årehun, & Håvold (2016:123) finn dei at det er to områder i skulen ein må fokusere på når det gjeld entreprenørskapopplæringa;

1. Skulen må stimulere unge til entreprenørskap ved å motivere dei til å bli leiarar og
2. Skulen må oppmuntre unge til entreprenørskap ved å støtta opp under deira ønskje om å skape noko nytt.

Entreprenørskap er ein liten del av det samarbeidet skulen og næringslivet legg til rette for. Faget legg godt til rette for eit perspektiv til å starte for seg sjølv og mange verksemder ute i lokalsamfunna kan ha starta opp på same måten, ved at nokon har starta for seg sjølv. Dette

gjev gode førebilete for dei unge, og ikkje minst motivasjon. Vidare i kapittelet vil eg ta for meg dei ulike programma som er med å danne grunnlaget for samarbeid med næringslivet.

2.4.2 *Ungt Entreprenørskap*

Ungt Entreprenørskap (UE) er ein organisasjon som vart etablert i 1997 og som samarbeider tett med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar i samfunnet og har som mandat å utvikle kreativitet, skaparglede og ikkje minst tru på seg sjølve for barn og unge (Ungt Entreprenørskap, 2021). I denne organisasjonen har dei utvikla fleire ulike program som famnar om heile utdanningsløpet, frå 1. klasse og til med høgskular. Mange skular brukar allereie ein del av desse programma på dei ulike trinna. Det blir tatt opp fleire ulike tema som til dømes vårt lokalsamfunn som er i hovudsak for 4.- 5. trinn, og der ein kan få inn eksterne ressursar frå lokalsamfunnet til å gå gjennom programmet. Det å få inn næringslivet eller andre eksterne personar kan vere med å gjøre det ekstra interessant og kan dermed skape motivasjon.

Grete Ingeborg Nykkelmo som er administrerende direktør i Ungt Entreprenørskap Norge seier det slik om programmet *Vårt lokalsamfunn*:

Demokrati og medborgerkap skal gi elevene forståelse av de utfordringene som ligger i å leve sammen i et fellesskap og at alle har samme rett og mulighet til å delta i utforminga av samfunnet. Her lærer elevene dette på en praktisk måte (Ungt Entreprenørskap, 2021).

Elevbedrift er eit anna program for ungdomskulen som gjev elevane moglegheit til å utvikle samarbeid, kreativitet og initiativ ved å skape noko for seg sjølv. Dette kan koplast opp mot eitt eller fleire fag, i tillegg til tverrfaglege tema som er særskilt framheva i den nye læreplanen LK20 (Kunnskapsdepartementet, 2016).

Eit av dei andre programma som også er aktuell er Innovasjonscamp (gründercamp) som er ei øving i kreativitet og nyskaping. Elevane får eit avgrensa tidsrom på å løyse ei utfordring som ei bedrift har kome med og der det blir premiering til slutt. Innovasjonscamp er mykje utbreidd mellom ein del ungdomsskular (Ungt Entreprenørskap, 2021).

Kompetanse- og næringsdirektør Erik Brekken i Møre og Romsdal Fylkeskommune som samarbeider med Ungt Entreprenørskap seier følgjande om UE;

"For at ungdommen skal ha eit godt grunnlag for å gjere utdanningsval og kvalifisere seg til arbeidslivet er det viktig å etablere eit samanhengande system for karriererettleiing i grunnopplæringa i fylket. Ungt Entreprenørskap sine program utfordrar elevane til å tenkje praktisk og kreativt. Dei lærer om lokale ressursar og muligheter, om innovasjon og om korleis ei bedrift fungerer. Vi vonar det er med på å motivere elevane til å fullføre utdanninga si, og – på sikt, busette seg i fylket. Entreprenørskap i utdanning skaper gode og naturlege møteplassar for elevar, lærarar, næringsliv og lokalsamfunn" (Ungt Entreprenørskap, 2021).

Dette viser at satsinga til UE er regionalt forankra og synleggjere samanhengen mellom utdanningsnivå og at skulane skal levere den kompetansen som næringslivet og offentleg sektor har bruk for. Om regionen framleis skal utvikle seg må ein satse på arbeidstakarar med rett kompetanse for at fylket og kommunen skal vere eit godt utdanning-, bu- og arbeidsområde.

2.4.3 *Arbeidslivsfaget*

Strategiplana til Stoltenberg II kom og tok for seg auka kontakt mellom næring- og samfunnsliv med St.meld. 44 (2008-2009) *Utdanningslinja*. Der ein slo fast at det måtte setjast inn tiltak på ungdomstrinnet for å auka elevane sin motivasjon og interesse for å lære. Gjennom å auke fleksibiliteten ville stortingsmeldinga at ungdommar skulle få eit alternativ til det andre framandspråket som ein til då måtte ha i grunnskulen. Den la til rette for at dei som ønskte det skulle få prøve ei meir praktisk retning og finne ut sine interesser for yrkesfagleg studieretning. Det overordna målet var å styrke elevane sin faglege motivasjon samt å ta vare på dei grunnleggande ferdighetene. Hausten 2009 kom forsøket med arbeidslivsfaget og det viste seg snart at det vart populært for elevane. Faget skulle ta utgangspunkt i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring, men justerast til ungdomsskulenivå (Kunnskapsdepartementet, 2009).

Læreplana si målsetting var: «kunnskap om begreper og arbeidsmetoder og praktisk trening skal bidra til mestring, motivasjon og arbeidsglede». Ifølgje nettstaden Forskning.no så vert

det hevda at meir enn 8 av 10 elevar meiner at arbeidslivsfaget er det beste faget dei har (Dyb, 2012). Dette må ein sjå på med eit kritisk blikk. Seinare undersøkingar og forsking på feltet har òg vist at det har vore ulike gjennomføringar for arbeidslivsfaget, og at mykje er avhengig av korleis den enkelte skule organiserer faget, og ikkje minst kva for lærarkrefter ein har (Bakken, Dæhlen, & Smette, 2013).

Sjølv om dette faget har vore med å bidra til at flest gutar har fått ein meir praktisk skulekvardag, slår også St.meld. 44 fast at det kan ikkje kome for mange alternativ til språkfag fordi ein treng språkleg kompetanse, men at arbeidslivsfaget har vist at det er eit tydeleg behov for det.

2.4.4 Lektor2-ordninga

Lektor2-ordninga kom i etterkant av St.meld. 44, *Utdanningslinja*, og er ei realfagsatsing som hadde oppstart i 2009-2010 og er finansiert av Kunnskapsdepartementet og vert leia og drifta av Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo. Gjennom eit tett samarbeid mellom skule og næringsliv skal Lektor2-ordninga bidra til å:

- Stimulere elevane si interesse og motivasjon for realfag
 - Auke elevane sitt læringsutbytte
 - Auke rekrutteringa til realfag
 - Auke lærarane sin kompetanse og kunnskap i samarbeid med arbeidslivet
- (Naturfagsenteret, 2021).

Det er òg eit mål å auke kunnskapen og kompetansen til lærarane som deltek i å samarbeide med arbeidslivet om undervisning. Lektor2-ordninga ønskjer at ordninga skal gjere eit samarbeid med arbeidslivet til ei integrert arbeidsform ved skulen.

2.4.5 Programval for fag / Utdanningsval

I St.meld. nr. 30 *Kultur for læring*, vart det lagt føringar for å førebu elevane til vidaregåande skule ved å innføre programfag. Dette skulle gjere at elevane fekk eit meir tilpassa og praktisk opplegg. Programfag skulle gje elevane moglegheiter for praktiske val og betre føresetnadane til å velge opplæringsprogram på vidaregåande opplæring og grunnlag for yrkesval. Vidare seier meldinga at tilbodet skulle gje elevane erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåter

som er typisk for dei ulike utdanningsprogramma. Hospitering i vidaregåande skule og/eller lokalt arbeidsliv kan vere aktuelle verkemiddel, ved siden av at IKT kan gje store moglegheiter. Det skulle også vere rom for lokal tilpassing (Kunnskapsdepartementet, 2020:62).

Læreplana for utdanningsval har tre hovudområder: Ein faktadel om *vidaregåande opplæring og arbeidsliv* som skal utgjere 20 %. *Utprovning av utdanningsprogram* som skal utgjere 60 % og til slutt *om mitt val* og refleksjon rundt dette på 20 % av faget (Borgen & Lødding, 2009:79). Dette faget skulle implementerast i alle ungdomsskulane hausten 2008.

I den nye læreplana som skulle implementerast hausten 2020 skulle utdanningsval òg vektlegge livsmeistring og verdien av å ha ein jobb. Eleven skal kunne ta bevisste og trygge utdannings- og yrkesval som igjen kan føre til at elevane skaper ein og utviklar ein trygg identitet (Kunnskapsdepartementet, 2016). Utdanningsval er eit fag som alle elevar skal gjennomføre i løpet av ungdomsskulen.

2.5 Oppsummering

I dette kapittelet har oppgåva trekt fram ein del av dei føringane og rammeverket som ligg til grunn når ein skal ta for seg temaet som er samarbeid skule og næringsliv. Det starta på eit overordna nivå som var nokre av FN sine berekraftsmål og viste vidare til den nye læreplana LK20 som tek for seg ein ny måte å tenke undervisning på. Det handlar først og fremst om dei fire elementa: Kritisk tenking, kommunikasjon, samarbeid og kreativitet. Allereie 1992 kom det ein OECD-rapport med tittelen «Schools and Businesses: A New Partnership». Denne viser til at det er ei sterkt aukande interesse for samhandling mellom utdanningsinstitusjoner og lokalmiljø som partnerskap med gjensidige interesser.

Ung Entreprenørskap vart starta i 1997 som ein ideell organisasjon med røter i EU. I 2009 kom Stoltenberg II-regjeringa fram med Stortingsmeldinga, *Utdanningslinja*, som ønskte ei meir praktisk og variert ungdomstrinn for å hindre fråfall på vidaregåande skule. Med den vart det innført arbeidslivsfag og Lektor2-ordninga, omtrent samstundes vart faget utdanningsval innført for alle ungdomsskular hausten 2008. I tillegg vart det lagt fram ein strategiplan som mellom anna ønskte ei auka kontakt mellom nærings- og samfunnsliv og ei koordinering av innsats, synleggjere og følgje opp ansvar av entreprenørskap i utdanninga. Dette skulle skje frå Statsforvaltaren si side, kommunen, skuleleiing og til næringslivet, med ei klar

ansvarfordeling. Sidan 2009 har det vore nedfelt i mange Stortingsmeldingar eit samarbeid med lokalsamfunn, skule og næringsliv, men kanskje ikkje så tydeleg som i denne strategiplanen.

3. Teori og tidlegare forsking

I dette kapitlet vil oppgåva gjere greie for det teoretiske rammeverket og omgrepsforklaringer som omhandlar samarbeid mellom skule og næringsliv. Det er viktig å ha teoriar som kan ramme inn og ha perspektiv på korleis samfunnet som eit kollektiv kan bidra til ein kultur for læring og samarbeid. Teoriar om sosial kapital er berande i dette, samt at teoriar som går på dei unge si læring og utdanningsval. Petter Senge si systemtenking er også viktig med tanke på at både individ og grupper må sjåast i heilskap om ein skal få til eit samarbeid. Teoriar om korleis skulane si organisering er må ein også sjå på. Til slutt så vil oppgåva trekke fram tidlegare forsking som er gjort med tanke på eit samarbeid mellom skule og næringsliv og løfte fram ein del funn som er gjort.

3.1 Sosial kapital – band og bruer

Sosial kapital eit omgrep som er relevant å sjå i samanheng med lokalsamfunn og nærmiljø der skule og nærmiljø er viktige faktorar, men også der næringslivet er ein viktig del av lokalsamfunnet. Sosial kapital handlar mellom anna om tillit, sosiale normer og korleis ein handhevar desse. I tillegg er sosiale nettverk prega av gjensidigkeit og engasjement for fellesskapet sitt beste. Bourdieu (1986) hevda at sosial kapital var noko som enkeltmenneske kunne bygge opp og halde for seg sjølv og bruke til å fremme seg sjølv, medan Loury (1987) såg på sosial kapital på noko som barn får tilgang til gjennom sine foreldre si åtferd og deira engasjement i eigne barn si tileigning av kunnskap og ferdigheter. Putnam og Coleman meinte at sosial kapital var ein kollektiv ressurs som enkeltmenneske kunne nyte godt av. Det var gjerne skapt utilsikta gjennom enkeltmenneska sin investering av tid, krefter og merksemd og at sosial kapital var eit offentleg gode, som igjen førte til at andre enn dei som har brukt tida og kreftane sine kunne nyte godt av det. Sistnemte meinte at sosiale relasjoner kan utgjere sosial kapital mellom blant anna etablere forpliktelsar og forventningar mellom aktørar og skape tillit i sosiale omgjevnadar (Coleman, 1990).

Sosial kapital er ein viktig del for alle delar av samfunnet sin infrastruktur. Ifølgje Halpern (2005) hevda han at sosial kapital har tyding for fleire nivå i samfunnet. Det kan vere:

- På eit individuelt nivå – (« mikronivå»)
- På eit lokalsamfunns- og organisasjonsnivå – («meso- eller mellomnivå»)
- På eit nasjonalt eller storsamfunnsnivå – («makronivå»).

Sosial kapital kan på alle dei tre nivåa vere ein ressurs som fremjar måloppnåing og til å ta vare på viktige verdiar og omsyn, men det er òg ein ressurs som må byggast opp, haldast ved like og fornyast. Det kan skje gjennom innsats eller det kan forvitre om ein ikkje held det ved like. Sosial kapital verkar inn på barn og unge sine oppvekstvilkår, utdanningsresultat og tilpassing til arbeidslivet. Dette kan òg vise seg å vere viktig for samspelet mellom grunnskule og næringsliv.

Ifølgje Putnam (2000) kan sosial kapital handle om ulike band mellom menneske som er like og som bruer mellom menneske som har forskjellig plass i samfunnet. Når ein tenkjer på sosial kapital som band vert det referert til familierelasjonar og vener. Granovetter (1973, 1974) sitt arbeid med sosial kapital som er kjent som omgrepene «strength of weak ties» som oversatt er «styrken til svake band». Bridging sosial kapital slik Granovetter legg det fram bygg på fleire føresetnadar, men den viktigaste som er aktuell her er at dess sterkare relasjon det er mellom to aktørar, desto meir sannsynleg er det òg at deira sosiale verd overlappar kvarandre – dei har same omgangskrets (Jakobsen & Normann, 2013:237). I oppgåva er bruer viktig faktor når ein tenker samarbeid mellom grunnskule og næringsliv og på den måten at ein skal kople saman menneske på ulike stader i livet og få til eit samarbeid. Som eit overordna perspektiv vil sosial kapital både vise til elevane sin sosiale kapital gjennom familie og vene og vise at skule og arbeidsliv er ein del av lokalsamfunnet (Eide & Lauritzen, 2018:12). I små lokalsamfunn er gjerne dei same med på fleire aktivitetar slik som korps, idrett og anna kulturaktivitetar. På slike arenaer vil ein møtast og skape nettverk som ein kan bruke på andre områder slik som til dømes opp mot næringslivet.

3.2 Systemtenking

Peter Senge si systemtenking har som eit overordna mål å sjå heilskap, mønster og samanhengar, og ikkje berre delar og fraksjonar. Det er viktig for å få alle til å forstå

meininga i det ein gjer. Den består av totalt fem disiplinar og Senge hevdar at desse er viktig for ein lærande organisasjon (Senge, 1999).

Den første disiplinen er personleg meistring som er avhengig av personleg motivasjon til å lære korleis handlingane våre påverkar dei rundt oss. Den handlar om å avklare og utdjupe våre personlege visjonar, konsentrere energi, utvikle eit tolmod og sjå verkelegheita på ein objektiv måte. For oppgåva sin del handlar det korleis enkeltmenneska i prosjektet greier å avklare forventingar og å samarbeide om eit felles mål (Senge, 1999).

Felles visjonar er den andre disiplinen som Senge trekk fram. For å skape ein «skule for alle» som ei overordna målsetting er det viktig å skape ein felles identitet og ei kjensle av at dette gjer vi ilag, og mot eit felles mål. Når vi skal implementere eit samarbeid med næringslivet er det viktig at vi gjer dette saman og får med alle på laget slik at samarbeidet blir best mogleg (Senge, 1999).

Den tredje disiplinen er mentale modellar som er dei førestillingane, antakingane eller til og med biletene som er med å påverke korleis vi skal forstå verda, eller korleis vi handlar. Utifra slike mentale modellar kan ein kome i fare å gjere seg opp ei meining om noko eller nokon som seinare viser seg ikkje å stemme. Det handlar om å arbeide med desse mentale modellane der ein vender seg innover i seg sjølv, få dei ut og fram og granske dei nøye. Mangelen på dette fokuset kan vere med å hindre endring og utvikling av skulen eller bedrifta, fordi det er «*alltid slik vi har gjort det her.*» Her krevst det refleksjon og å bryte tankar og meininger mot kvarandre slik at alle får ein moglegheit til gjere seg opp ei meining eller til og med endre meining. Det handlar kanskje om å avklare dei forventningane ein har til å få til eit konstruktivt samarbeid med næringslivet (Senge, 1999).

Den fjerde disiplinen er teamlæring som er den fundamentale eininga for læring i moderne organisasjoner. Kan ikkje teamet lære, kan ikkje organisasjonen lære. Difor er det viktig at ein set fokus på tverrfagleg samarbeid, gjerne også på tvers av trinn og når ein kjem til samarbeid mellom skule og næringsliv, kanskje også mellom aktørane som er representerte i skule og næringsliv. Fagfornyinga sin intensjon er av ein slik karakter at dette vil bli ei så stor endring i tenkemåte og refleksjonsnivå hjå den enkelte lærar at det blir på ein måte «tvinga» inn i det sjølv om ein likar det eller ikkje (Senge, 1999).

Systemtenking er den femte og siste disiplinen. Systemtenking har eit langsiktig perspektiv og integrerer fleire andre disiplinar. Når ein ser på desse fem disiplinane så har dei å gjere med korleis vi tenkjer, kva vi ønskjer, korleis vi samhandlar og lærer, både av og med kvarandre og til dette krev det ei overordna systemtenking (Senge, 1999:16-20). Som leiar må du sjå heilskapen i mange fragmenterte delar for å skape ei styring mot eit mål som skal skape utvikling og endring i skulen. Ei endring av haldningar og perspektiv er viktig for å få til eit godt samarbeid. Og dette gjeld ikkje minst når ein skal forankre eit samarbeid mellom skule og næringsliv. Og forankring er ein viktig del i dette, i alle ledd. Får ikkje ein med kommuneleiing så kan det vise seg at eit slikt samarbeid kan vere vanskeleg å få til. Eller om ein ikkje får med seg leiinga ved skulen.

3.3 Aktør- nettverksteori

Aktør- nettverksteori – tek omsyn til korleis både sosiale og naturlege fenomen eksisterar i kraft av nettverk av relasjonar (Latour, 1996). Denne teorien kan vere med å forklare kvifor enkelte lokalsamfunn greier å skape eit godt samarbeid medan ein kan slite i enkelte andre med å få til gode relasjonar. Nettverk kan ein forstå som eit mønster av sosiale relasjonar mellom individ, grupper eller organisasjonar.

3.3.1 Barn og unge som aktørar i eigne liv

Aktørperspektivet ser på barn og unge som aktørar som vel handlingane sine ut frå korleis dei oppfattar ulike situasjonar, og dermed ut frå sine hensikter. På denne måten tek barn og unge aktivt del på måten dei utformar sine eigne liv. Om elevane har låg motivasjon for skullearbeid kan dette bli sett på som ei rasjonell handling ifrå eleven si side. Det er deira val og kan bli sett ut i får den situasjonen dei står i, dei ønskjer, mål og verdiar ein har. Det er ikkje slik å forstå at dette alltid er bevisste val eleven gjer, men at det er handlingar som er automatiserte, som er lært (Eide & Lauritzen, 2018:12). Nordahl (2002) hevdar at handlingane til enkelte individ kan vere normstyrte, i form av dei rådande sosiale normar og individet sine eigne verdiar, eller nytteorienterte, som er handlingar som ligg i individet sitt mål for den aktuelle situasjonen.

3.3.2 Organisasjons- og erfaringslæring

Agyris og Schön si organisasjonslæring kan bidra til å vise oss korleis organisasjonar lærer. Agyris (1976) definerer læring som «oppdagelsen og korrigeringen av feil» og feil som en «egenskap hos menneskers kunnskap som gjør at man handler ineffektivt». Dette handlar om at den kunnskapen vi omset til handling ikkje alltid er optimal og at ein må reflektere og kunne korrigere feil undervegs og det er her læring skjer. Når ein skal samarbeide med næringslivet må ein sjå kva som fungerer og ikkje fungerer. Det kan hende vi må ta eit skritt tilbake å sjå om ein kan gjere ting annleis. Det er dette som kallast dobbeltkretslæring (Eriksson-Zetterquist, Kalling, Styhre, & Woll, 2014: 223).

3.4 Næringsliv i skulen

I rapporten om *Næringsliv i skolen* tek Sjaastad (2013) opp ein del ulike resultat mellom kontakta mellom skule og næringsliv. I rapporten vert det hevda at enkelte kritikarar trekk fram skulefaga som lite relevante opp mot dei faktiske utfordringane i samfunnet. Elevane får ikkje nok trening i ferdigheiter som er relevante for arbeidslivet og møter òg dermed for få rollemodellar. For å møte denne utfordringa vert det trekt fram fleire verkemiddel frå fleire aktørar.

For det første verdsett elevane praktisk arbeid i ein annan kontekst enn det som er vanleg i skulen (Parvin og Stephenson, 2004 i Sjaastad, 2013:17). Dei set pris på den variasjonen dette gjev. Nokre aktivitetar er ikkje mogleg å gjennomføre utan instruksjonar av fagpersonell eller i skulen sine lokaler på grunn av manglande ressursar og materiell. Koplinga mot næringslivet kan bidra til å gje elevane tilgang til manglande datamateriale og utstyr og fagpersonar kan bidra til at elevane får sjå relevansen mellom fag og konkrete formål.

For det andre tyder det på at bedriftsbesøk kan vere med å auke forståinga til lærarar og elevar når det gjeld industrielle prosessar (Parvin og Stephenson, 2004 i Sjaastad, 2013:17). Sjølv om mange aktivitetar kan verke kaotiske utanfor skulen sin vante kontekst, får elevane ei verdfull innsikt i korleis næringslivet fungerer, ikkje berre innanfor skulefaga, men òg innanfor det sosiologiske aspektet ved ulike verksemder. Korleis tileignar ein seg ny kunnskap innanfor feltet? Under kva forhold arbeider dei tilsette? Korleis arbeider teama i verksemda for å løyse oppgåver?

For det tredje så ser det ut til at å oppleve skulefaga frå eit nytt perspektiv er med å bidra til ei djupare forståing for faga si kopling til samfunnet og er med å bidra til elevane sine haldningar. Braund og Reiss (2006) hevdar at dette kan få konsekvensar for elevane sitt faglege engasjement og dermed kan både allmenndanninga og framtidig deltaking verte styrka gjennom eit samarbeid mellom skule og næringsliv (Sjaastad, 2013:17).

Det som er lite nemnt i litteraturen ifølgje rapporten om *Næringsliv i skolen* er den gevinsten verksemde får att for dette samarbeidet. For det første er det store moglegheiter for potensiell rekruttering til verksemda. Elevar som blir kjent med næringslivet i lokalsamfunnet og har ønskjer om å busette seg i nærlieken når dei skal starte yrkeslivet veit kva for arbeidsplasser ein har å tilby.

Kunnskapsdepartementet har i St.meld. nr. 16, (2006-2007) «*og ingen sto igjen. Tidlig innsats for tidlig læring*» slått fast at det skulle konkretiserast eksempel på grunnkompetanse som kunne bli tilbydd i lærebodrifter og som igjen ville bli etterspurt i arbeidslivet (Utdanningsdirektoratet, 2007:12).

I ei bedriftsundersøking frå Akershus (No: ein del av Viken) og Oslo der over 200 bedrifter vart spurta om behovet av arbeidskraft under fag – og svennebrev svarte omrent 90 % at dei ønskte å ta inn elevar frå vidaregåande skule på utplassering, medan 70 % kunne tenke seg å inngå eit formelt samarbeid. Undersøkinga avdekte òg at bedriftene la meir vekt på sosial kompetanse enn fagleg kompetanse. Arbeidslivet i bedriftene er mykje prega av rutinemessige arbeidsoppgåver der ein må møte presis, gjere dei arbeidsoppgåvene du skal og ha ei respektfull oppførsel. Når arbeidet i tillegg inneheld praktiske oppgåver der dei får bruke hendene meir enn å tenke, får elevane føle på meistring (Utdanningsdirektoratet, 2007: 12).

Dette viser óg til den erfaringa som eg gjorde meg når vi arrangerte kick-off med grunnskuletilsette og der den eine bedriftsleiaren tok fram at kunnskap var ikkje det viktigaste, det kunne elevane lære i bedrifta, men viktigare var samarbeidsevner, haldningar og å vere punktleg. Dette viser eg til i kap. 4.1.4.

3.5 Kultur for samarbeid

I studien «*Kultur for samarbeid*» som vart gjennomført av Østlandsforskning i 2018 tok ein for seg samarbeid skule – heim – næringsliv, dette var knytt opp mot vidaregåande opplæring. Deler av denne forskinga er relevant og kan kanskje òg knytast opp mot grunnskule.

Skulen skal fokusere på heile utdanningsløpet til elevane og knyte dette perspektivet til den enkelte elev sin identitet. Tidlegare læreplaner har nok fokusert mykje meir på spesifikke kunnaksområder, men har endra seg med fagfornyinga (LK20), der ein ser meir på tverrfaglege emne, djupnelæringer og at elevane skal oppleve at det ein lærer har relevans for meir enn eitt fag eller område. I dette biletet skal elevane forstå at denne læringa som gjerast i skulen har relevans vidare utanfor skulen. Som medlemmar i eit samfunnsfellesskap er det meir utfordrande å oppdage og vere bevisst langtidsperspektiv og framtidsønskjer og der framtdorienteringa vert påverka og utvikla gjennom familie- og vennenettverk (Roth, 2015 i Eide & Lauritzen, 2018:13). Det er dette som kan vere ei utfordring – korleis gjere faga i skulen nok relevant slik at elevane forstår meiningsa med det dei skal lære og at dei ser og opplever at det dei lærer har relevans for eit seinare yrkesliv.

I dei seinare år har ein i skulesamanheng anerkjent gradvis betydinga av ulike kontekstar for læring. Utfordringa er likevel at ein ikkje i stor nok grad anerkjenner barn og unge sin «kulturelle verd» i dei formelle utdanningssystema. Det formelle utdanningssystemet vektlegg ikkje «funds of knowledge» som elevane har med seg inn i skulen. Denne forma av «kulturell kapital» som elevane har med seg i form av kunnskap, ferdigheter, verdiar og haldningar er for lite vektlagt som basis for undervisning og utdanning i skulen (Eide & Lauritzen, 2018:13). «Funds of knowledge» refererer ikkje berre til formell kunnskap som ei gruppering har, men òg til dei nettverkskopla ressursane som oppstår gjennom ein aktivitet, som ei gruppe baserer sin praksis på, utan at dei er klar over det – som taus kunnskap. Skulen og klasserommet kan vere eit slikt nettverk, og der deltakarane har ulike erfaringar og bakgrunnskunnskap som kvar enkelt har tileigna seg gjennom kvardagslivet.

I Eide & Lauritzen (2018:14) vert det hevda at skulane må forvalte ressursane for samfunnsfellesskapet og lokalmiljø til å identifisere og bygge den framtda menneska ønskjer, heller enn å trenre barn og unge til ei framtid som er «blitt gitt». Dei meiner at for å klare det må vi hugse på at framtda ikkje er hogd i stein og at teknologi ikkje er ei magisk kraft vi

ikkje kjenner framtida til. Utdanning er ei kraft som ein må ta med når ein snakkar om ei progressiv framtid. For å få til dette kan skulen i samarbeid med heimane arbeide meir med å kartlegge interesser, kulturell praksis og kva for forventingar ein har til utdanning. På denne måten kan ein hjelpe elevane til å sjå samanheng mellom eigne interesser, kva ein lærer på skulen og det å planlegge framtida.

Ifølgje Eide & Lauritzen (2018:16-17) vert det hevd at utdanningsløp og ordningar som bidreg til at skuleungdom får innsikt i arbeidslivet kan vere med å auke motivasjonen for gjennomføring og vise kva for moglegheit som gjeld karriere og yrkesval. Ordningar kan vere med å gje innsikt mellom elevar i grunnskulen er mellom anna hospitering, utplassering/arbeidspraksis, arbeidslivsfag og sommarjobbar. Dette vil gje elevane oppgåver som er relevante og sosiale relasjonar, samt praktisk erfaring og meistring som bidreg til at elevane tek meir relevante utdanningsval (Mjelde, 2002). For næringslivet kan slike ordningar stette eit framtidig behov for rekruttering og arbeidskraft og det kan vere med å auke moglegheitene for å styrke regionen som attraktiv når det gjeld etablering og gründeretablering. Styrka relasjonar mellom skule og næringsliv kan ha mange positive fordelar ved at elevane på eit tidleg tidspunkt får eit innblikk i kva for moglegheiter arbeidsmarknaden i lokalsamfunnet kan bidra med og dermed ta aktive val opp mot om ein ønskjer å busette seg lokalt eller regionalt. Dette er óg vist i Popperud si masteravhandling om samarbeid mellom skule og bedrift.

3.6 Samarbeid skule- bedrift – yrkesfag

I masteravhandlinga i yrkespedagogikk tek Popperud (2019) opp samarbeid skule – bedrift på ei yrkesfagleg linje, og der problemstillinga er «*hvordan tilrettelegge for en relevant og meningsfull opplæring mellom skole og bedrift i et praksisfellesskap*». Her bruker han aksjonsforsking som metode og følg ei klasse over fleire år i samarbeid med andre lærarar. Målet er å gjere elevane sikrare i valet sitt av fagbrev. Her er det viktig at ein òg på ungdomsskulen gjennom eit samarbeid mellom skule og næringsliv kan bli sikrare i sitt val av linje på vidaregåande skule. Vidare finn han i si forsking at elevane som arbeider nokre dagar ute i bedrift tilpassar seg omgjevnadane og veks med oppgåvene dei blir tildelt. Elevane som var med i undersøkinga opplevde òg at relevansen auka med tidsriktig utstyr og nærliek til verksemndene. Dette vert òg underbygd av FAFO-undersøkinga som seier at tilgang til autentiske arbeidsoppgåver er viktig (Høst, 2015:86). Vidare seier denne rapporten òg at

praktiske læringsoppgåver er det som er mest motiverande for elevane og at oppdrag frå lokale aktørar, anten utført på skulen eller ute i verksemda gjorde mykje for den faglege interessa, men at det aller største var utplasseringa i verksemda. Dette viser at god og jamnleg tilgang på autentiske arbeidsoppgåver er avgjerande for samarbeid mellom skule og næringsliv. Det som òg vart tatt fram var at det var viktig at verksemda hadde ei plan over arbeidet og at elevane vart møtt og følgt opp av verksemda (Høst, 2015:86). Når det gjeld autentiske oppgåver kan det vere ei utfordring i ein hektisk kvardag i ei bedrift. Arbeidsoppgåver kan variere og ein del bedrifter har vorte gode på dette og sett av relevante oppgåver. Dette handlar sjølvsagt om kva for bedrifter ein snakkar om og kva dei produserar. For nokre bedrifter kan ha gode og relevante oppgåver som er tilpassa elevane, medan andre kan ha større utfordringar. Kanskje dei har for teknologisk og automatisert produksjon til at elevane kan delta på ein konstruktiv måte?

Popperud (2019:96) viser til i masteravhandlinga si at ved å få inn eksterne foredragshaldarar har elevane fått auka relevansen i opplæringa. Det har vore ein fordel for begge partar ved at skulen har fått nyte godt av den kompetansen verksemda sit med og omvendt at verksemda har fått innsikt i mellom anna skulen sin pedagogiske kompetanse. Vidare viser han til at bruk av relevant og tidsriktig utstyr ilag med ulike grupper menneske er med å auke kompetansen til elevane. Dette blir òg framheva i St.meld.28. *Fag-Fordypning-Forståelse*. «Kompetanse er å tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til kritisk refleksjon og tenkning» (Kunnskapsdepartementet, 2016:28). Dette kan òg vere ein viktig faktor i grunnskulen, men då i ein mindre skala. I grunnskulen har ein fått inn programmering som ein ny faktor og Skaparverkstad som skal stimulere elevane sin utforskarkrond, skaparevne og kreativitet.

I Kirkhaug (2017:115) trekk han fram Dewey sine tankar om *Learning by doing* frå 1930-talet der ein ønskte å gjere høgare utdanning meir relevant. Desse tankane har gått vidare til både formelle utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet som til dømes internship-, trainee- og lærlingeordningar. Formålet med dette er at dei som tek imot formell kunnskap, òg skal vere i kontakt med verkelege realitetar og fenomen, som å vere utplasserte i ei verksemde og praktisere faget. Dette sammenfaller òg med det oppgåva ønskjer å vite meir om – korleis kan ein utvikle eit konstruktivt samarbeid mellom skule og næringslivet som kjennast relevant allereie frå grunnskulen av.

Ein skule er avhengig av elevar og lærarar og det er i denne konteksten ein bør vere, om ein ønskjer at noko skal endre seg og at ein må ha med seg dei pedagogane som arbeider rundt eleven. I 1996 kom Vallautvalet fram med ei utredning (NOU 1996:22) om *Lærarutdanninga*. Den presiserte at lærarutdanninga måtte ta vare på det «bestandige» i læraryrket samt å utvikle ei endringskompetanse mellom studentane med tanke på nye utfordringar dei seinare vil stå overfor. Dette meinte utvalet ville føre til at elevane òg ville bli betre kjent med næringsliv, private og offentlege tenester i lokalmiljøet og si eiga kommune. Og ikkje minst at elevane skulle får erfaring frå besök eller praksis i lokalt arbeidsliv (Ødegaard, 2013:141).

3.7 Oppsummering

I dette kapittelet har eg tatt fram fleire teoriar og tidlegare forsking som kan vere med å forklare korleis eit samarbeid mellom skule og næringsliv kan fungere på ein best mogleg måte. Sosial kapital og nettverksteori kan vere med å underbygge kva faktorar i nærmiljøet og lokalsamfunnet som kan vere med å bidra til eit konstruktivt samarbeid. Coleman (1990) er sentral i dette ved at han meinte at sosiale relasjonar kan utgjere sosial kapital mellom blant anna ved å etablere forpliktelsar og forventningar mellom aktørar og skape tillit i sosiale omgjevnadar. Halpern (2005) meinte at sosial kapital finnast på ulike nivå, frå mikronivå via mesonivå og til eit makronivå. Det handlar om kva som ligg i nasjonale føringer som kjem i form av Stortingsmeldingar til korleis dette blir utført på det heilt lokale- og individnivået.

Granovetter (1973) tek for seg at dess sterkare relasjon det er mellom to aktørar, desto meir sannsynleg er det òg at deira sosiale verd overlappar kvarandre, og at dei har same omgangskrets. Dette kan vere med å spele ei rolle når ein skal sjå på samarbeid mellom skule og næringsliv. I små lokalsamfunn vil det kanskje vere meir aktuelt at dei same personane går i dei same miljø slik som td. korps, idrett mm. Og at på denne måten blir det enklare å skape gode relasjonar og nettverk med andre i lokalsamfunnet som td. bedriftsleiarar.

Peter Senge (1999) sine fem disiplinar er viktig i korleis ein skal implementere ei endring, ei systemendring, alt frå individnivå til forankring i den overordna delen, som for denne oppgåva vil seie ei forankring opp mot kommunenivået, som igjen er styrt av nasjonale føringer i form at styringssignal som Stortingsmeldingar.

Agyris (1976) si organisasjonslæring handlar om den kunnskapen vi omset til handling ikkje alltid er optimal og at ein må reflektere og kunne korrigere feil undervegs og det er her læring skjer. Når ein skal få til eit samarbeid med næringslivet må ein sjå kva som har fungert og trekke lærdom av det som ikkje har fungert slik at ein slepp å gjere dei same feila fleire gongar.

Latour (1996) tok fram aktørperspektivet som såg på barn og unge som aktørar som vel handlingane sine ut frå korleis dei oppfattar ulike situasjonar, og dermed ut frå sine hensikter. På denne måten tek barn og unge aktivt del på måten dei utformar sine eigne liv. Ifølgje Eide & Lauritzen (2018:12) hevdar dei at om eleven har låg motivasjon for skulearbeidet så blir dette sett på som ei rasjonell handling og at det er deira val utifrå den situasjonen dei er i. Det er ikkje alltid det er rasjonelle val dei gjer, men at handlingane er lært. Medan Nordahl (2002) meiner at handlingane er normstyrte avhengig av kva som er rådande normer og individet sine eigne verdiar. Kan dette ha noko å gjøre med den påverknad som foreldre har overfor sine barn når dei skal velge skulegang vidare?

I rapporten til Sjaastad (2013) om *næringsliv i skulen* vert det hevda at enkelte kritikarar trekk fram skulefaga som lite relevante opp mot dei faktiske utfordringane i samfunnet. Elevane får ikkje nok trening i ferdigheiter som er relevante for arbeidslivet og møter òg dermed for få rollemodellar. I denne rapporten nemner han fleire verkemiddel som kan betre dette slik som mellom anna at elevane sett pris på praktisk arbeid i ei anna kontekst, at bedriftsbesøk kan gje ei auka forståing mellom lærarar og elevar og til sist å oppleve eit anna perspektiv på skulefag kan gje elevane ei djupare forståing for kopling til samfunnet og haldninga. I rapporten *kultur for læring* vert det hevda at utdanningsløp og ordningar som bidreg til at skuleungdom får innsikt i arbeidslivet kan vere med å auke motivasjonen for gjennomføring og vise kva for moglegheit som gjeld karriere og yrkesval. Ordningar kan vere med å gje innsikt mellom elevar i grunnskulen er mellom anna hospitering, utplassering/arbeidspraksis, arbeidslivsfag og sommarjobbar. Dette vil gje elevane oppgåver som er relevante og sosiale relasjonar, samt praktisk erfaring og meistring som bidreg til at elevane tek meir relevante utdanningsval (Mjelde, 2002).

4. Metode

Oppgåva vil bruke ei kvalitativ tilnærming og undersøkje to lokalsamfunn i tre ulike kommunar, der ein vil intervju rådgjevar og bedriftsleiar/opplæringsansvarleg. Nokre føresetnadar er lagt til grunn. For det første må skulen anten vere 1-10 skule eller ungdomsskule, for det er på dette nivået at ein tilbyr arbeidslivsfag, Lektor2 og Utdanningsval, medan programmet Ungt Entreprenørskap kan brukast både på barne- og ungdomsskule. Og for det andre vil oppgåva legge til grunn at skulen bør ha ei eller anna form for samarbeid med næringslivet i lokalsamfunnet sitt. Dette er viktig for å få fram det oppgåva ønskjer og som er problemstillinga:

- ***Korleis arbeider grunnskulane med å få til eit konstruktivt samarbeid med næringslivet i lokalsamfunna sine?***

4.1 Forskingdesign

Forskinsdesign er først og fremst ei plan, ein logisk struktur for korleis ein skal gjennomføre eit prosjekt. Det viktigaste her er spørsmåla kva og korleis. Kva for kunnskap vil ein tilegne oss gjennom prosjektet og i denne oppgåva så vil ein vite meir om kva tenker og kva kan skuleleiarar og næringslivsleiarar gjere for å stimulerer til eit konstruktivt samarbeid mellom grunnskule og næringsliv (Bukve, 2016:80).

For det andre skal ein vite korleis ein skal gå fram for å få svar på dei spørsmåla ein har. I denne oppgåva kunne ein brukt både kvantitativ og kvalitativ metode, men har landa på kvalitativ metode som best eigna for å finne ut kva den som arbeider ute i skulen, bedrifter og næringslivsleiar tenker om temaet og korleis ein kan arbeide for å få til eit godt samarbeid mellom skule og næringsliv. Kvalitativ metode er best eigna når ein vil gå i djupna på ei problemstilling. Og ifølgje Kvale og Brinkmann (2015) så er det kvalitativ metode best eigna når ein ønskjer å studere meningar, haldningar og erfaringar. Og det er nettopp det eg er ute etter i oppgåva. Finne ut kva for erfaringar dei som arbeider med dei ulike programma har gjort seg med tanke på samarbeid mellom skule og næringsliv og om det er samanhengar og koplingar som er viktige å ta omsyn til. Om ein skulle ha valgt kvantitativ metode ville oppgåva kunne trekke ein del generelle konklusjonar fordi utvalget av respondentar hadde

vore større og ein hadde sett samarbeidet mellom skule og næringsliv i eit større bilet, men det viktigaste her var å få fram erfaringar til dei enkelte informantane, difor vart kvalitativ metode føretrekt.

Eit sentralt krav i slike undersøkingar er at vi kan bruke dei data som vi finn til å trekke slutningar om eit tilsvarende fenomen eller om generelle tilhøve. Her trekk Bukve (2016:99) fram intern og ekstern validitet. Intern validitet handlar om ein har trekt dei rette slutningane om årsakssamanhangar i datamaterialet og at ekstern validitet handlar om årsakssamanhangar i datamaterialet kan overførast frå den aktuelle undersøkinga til andre situasjonar.

Om ei undersøking er reliabel viser til kor vidt den er påliteleg. Det vil seie at dei empiriske målingane og samanhengande står i fokus og ei undersøking er påliteleg når andre kan gjennomføre den same undersøkinga og kjem fram til same resultat.

4.1.1 Casestudie

Bukve (2016:123) seier casen kjem an på kva som er formålet med studien, eller kva for kunnskap ein ønskjer å utvikle. I denne undersøkinga som eg skal gjennomføre har eg tatt eit strategisk utval av grunnskular i ulike lokalsamfunn, fleircasestudie. Han seier vidare at slike fleircasestudier er innretta slik at ein kan finne typiske trekk ved eit fenomen, men at dei òg opnar for å oppdage variasjon mellom ulike typer av fenomenet. I denne oppgåva vil eg ha fokus på kva faktorar som ligg til grunn for eit konstruktivt samarbeid mellom skule og næringsliv, men eg kan òg finne variasjonar på korleis dei ulike skulane og bedriftene har løyst dette samarbeidet. Det er ikkje sikkert at det berre er ein type samarbeid som kan vere gjeldande.

4.1.2 Fenomenologisk tilnærming

For å kunne svare på problemstillinga, vil oppgåva bruke ei fenomenologisk tilnærming. Denne metoden blir brukt til å studere verda slik folk oppfattar den. Det er viktig å gje ei presis skildring av informantane sine eigne perspektiv, korleis dei opplever eit særskilt fenomen og kva det gjer med forståinga av det fenomenet. Når ein brukar ein slik metode er det viktig å merke seg at det same fenomenet kan opplevast ulikt frå person til person. Dei kan ha si eiga forståing ut ifrå bakgrunn, erfaring og interesse (Johannessen, Tufte, &

Christoffersen, 2016:79). Fenomen i denne samanhengen er korleis personane som arbeider på ulike nivå ser på samarbeidet mellom skule og næringsliv. I slike studiar er det viktig at ein analyserer meiningsinnhaldet i det som blir fortalt. Forskaren er opptatt av innhaldet i intervjuet og datamaterialet som ein har og lese det fortolkande. Ein er interessert i den djupare meinингa som kvar enkelt informant har kome med.

Samstundes er det viktig at ein skildrar trekk som er felles for dei erfaringane informantane har i denne undersøkinga, for det kan vere med på å legge grunnlaget på korleis ein kan få til eit konstruktivt samarbeid mellom skule og næringsliv. Kva faktorar er viktige for å skape og oppretthalde dette samarbeidet (Thagaard, 2013:40).

4.1.3 Den hermenutiske sirkelen

I følgje Gadamer (1960) er det ikkje noko forståing som kan begynne heilt frå starten. Det må ligge ei anna forståing som har kome tidlegare. Det kallar han fordom. Han meiner at forståing av tidlegare periodar og kulturar er umogleg utan fordommar og at vi må ta utgangspunkt i den forståinga vår eiga periode gjev. Vi er alle produkt av vår tid (Krogh, 2014:49).

I den hermenautiske tradisjon vil denne sirkelen sjåast på som ein spiral som vil føre til ei djupare forståing av det som er meinингa eller temaet. Og ifølgje Kvale & Brinkmann (2015:237) så er dette ein fram- og tilbakeprosess mellom delar og heilskap. Om utgangspunktet ofte er uklar og intuitiv forståing av kontekst vert det fortolka i ulike delar og utifrå desse fortolkingane vert delane satt saman i relasjon til heilskapen. Når ein får erfaringar frå andre mennesker og sett det saman med eigne erfaringar så vil det saman over tid endre praksis. At ein tek dei erfaringane og kunnskapen kvar einskild har om dette til å bygge vidare og gjere samarbeid mellom skule og næringsliv endå betre.

Når det gjeld mi forforståing på dette feltet så har eg arbeidd ein del med temaet tidlegare og har fått meg opp ein del erfaringar og som har gitt meg ny kunnskap som eg kan ta med meg vidare. Difor er det viktig at eg prøver å gå inn i dette så opent som mogleg og la informantane kome til ordet og la det vere det som er grunnlaget. Og som pedagog i eit yrke der ein arbeider med mennesker arbeider ein heile tida med fortolkingslære og der ein heile tida får ny kunnskap som kan endre på tidlegare førestillingar som ein har hatt.

4.1.4 Mi forforståing

Mi forforståing kan vere påverka av det arbeidet som eg gjorde med dette hausten 2019 når vi arrangerte Kick-off for grunnskuletilsette. Det vart arrangert ein formiddag før skulestart der skulekontoret ilag med næringsforumet i kommunen inviterte fleire aktørar frå næringslivet til å kome å presentere kort si eiga bedrift til alle som arbeidde i skulen. På førehand vart det sendt ut køyreplan med kva tema ein skulle ta opp og nokre spørsmål knytt opp til den nye fagforsyninga (LK20). Nokre av spørsmåla som skulekontoret stilte var: Kva for verdiar, kompetanse og ferdigheter ønskjer bedrifta av sine framtidige tilsette og korleis kan kommunen arbeide tett saman med næringslivet og skulen og vidareutvikle dette samarbeidet, og til slutt om næringslivet hadde eit godt råd til grunnskuletilsette når ein arbeider med elevar som etterkvart skal ut i arbeidslivet. Vi fekk ein del svar på dette som vi samla i ei



ordsky. Dei viktigaste faktorane var at ein kunne samarbeide, at ein var påliteleg og punktlig. For mange av bedriftene som var der var karakter i fag ikkje det viktigaste og om dei fekk elevane tidleg nok, slik at ein kan forme dei, så kunne det meste lærast i bedrift, men at skulen måtte lære dei å samarbeide og ha gode haldningar.

I tillegg til dette arrangementet arrangerte skulekontoret og næringsforumet eit oppfølgingsmøte med nokre rektorar og representantar for næringslivet til eit mindre formelt møte der tema var *Samarbeid for å nå måla*, og som også eit av berekraftsmåla til FN. Viktige faktorar som kom fram der var:

- Viktig å bruke lærlingane i møte med elevane fordi dei er nærrare i alder og snakkar same «språket» – dei er lettare å identifisere seg med for grunnskuleelevar.
- Viktig med gode relasjonar og møteplassar med den enkelte bedrift og at det kjem noko konkret ut av det.
- Finne eldsjelene i bedrifta som ønskjer å arbeide med innovasjonscamp/entreprenørskapsløype og er interessert i ungdommar

- Alle var einige om at det er viktig at ungdommane får innsikt i ulike yrke tidleg – det gjeld både privat og offentleg sektor
- Viktig å halde på entreprenørskapsløypene.

Eg har arbeidd vidare med dette temaet og halde foredrag for fleire skuleleiarar som fekk i oppgåve i etterkant med å kome med forslag til korleis ein kunne arbeide vidare for å få til eit betre samarbeid med næringslivet. Innspela var viktige og det kom både frå dei som arbeidde i grunnskule og vidaregåande skule. I dette forumet kom det fram at det var viktig at skuleeigar var ein viktig del av samarbeidet og at ein måtte ha ein koordinator som hadde ansvaret for samkøyring og rekruttering av bedrifter fordi dette var for arbeidsomfattande for den enkelte skule. Entreprenørskapsløypa var ein viktig faktor i dette arbeidet, men at det måtte kome inn i meir faste former slik at skulene kunne få litt hjelpe til å knyte kontakt med bedriftene. Det kom også tilbakemelding om at det var fleire skular som hadde meldt seg på opplegget til Ungt Entreprenørskap, men kom aldri igang. I denne forbindelse var det viktig å ha ein pådrivar, ei arbeidsgruppe som kunne setje ting i system.

Eit av spørsmåla var om korleis skulen kunne vere i forkant og tilpassa seg behova til næringslivet? Svara som kom fram her var at det var viktig med eit samarbeid mellom skulen og bedrifta dei hadde kontakt med, det å skape felles samarbeidsplattformer. Foreldra var viktige for barna sine med å formidle gode haldningar og verdiar og ikkje minst at foreldra veit kva dei ulike bedriftene arbeider med. Det vart òg framheva at det var viktig med ein god dialog med næringslivet, invitere næringslivet inn i skulen og hospiteringsordningar for tilsette.

Når ein skal oppsummere dei tilbakemeldingane som vi fekk frå dei ulike arrangementa så var det tydeleg at næringslivet ønskte eit samarbeid, men erfarte også at det kom lite handling ut av det som vart sagt. Kva som var grunnen til det er eg nysgjerrig på. Er dette samarbeidet personavhengig? At ein må ha ein primus motor, ei eldsjel som kan drive dette arbeidet? Eg fekk aldri eit svar på dette, men eg hadde ikkje lyst å gje meg heilt på dette. Når næringslivet så tydeleg ønskte eit samarbeid og skuleleiarane òg gjorde det, ville det vere interessant å vite kva som skulle til for å skape eit varig og konstruktivt samarbeid og det er det denne oppgåva skal finne ut. Kva gjer at enkelte lokalsamfunn får til dette samarbeidet betre enn andre? Kva faktorar spelar inn og kva faktorar er mindre viktige.

4.2 Utval av informantar

Det er eit vanleg spørsmål som ein stiller seg om kor mange informantar ein treng i ei undersøking og ifølgje Kvale & Brinkmann (2015:148) skal ein «intervjué så mange personar som det trengs for å finne ut det du trenger å vite.» Talet intervjuobjekt er avhengig av formålet med undersøkinga og ein kan gå ut frå at 15 +/- 10 er det mest normale. Dette kan skuldast ein kombinasjon av kor mykje tid og ressursar som er tilgjengeleg for undersøkinga og lova om fallande utbytte. Det vil seie at ei auka tal respondentar utover eit gitt punkt vil gje stadig mindre kunnskap (Kvale & Brinkmann, 2015:148).

Eg brukte strategisk utval når eg skulle rekruttere informanter til denne undersøkinga, i tillegg var «snøball-metoden» aktuell, og då særskilt om det var nokon som ville framheve enkelte som har vore viktig i samarbeidet mellom skule og næringsliv. Eg hadde bestemt meg for kva målgruppe som skulle vere med i undersøkinga og kva som var formålet med den, etter at det var bestemt ville eg ta utgangspunkt i kva for personar i målgruppa som kunne vere aktuell for å svare ut problemstillinga på ein best mogleg måte. Utgangspunktet vil vere kva som tener hensikta og ikkje kor representativ den er (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:117). Til denne undersøkinga var målgruppa eit par-tre like/ulike lokalsamfunn der eg ville intervjué rådgjevarar som arbeider med ulike program, i tillegg ville eg intervjué bedriftsleiar eller opplæringsansvarleg i den bedrifa skulen hadde samarbeid med. Til slutt ville eg snakke med næringssjefane i eit par kommunar for å få deira perspektiv frå eit overordna nivå. Dette var viktig for å kunne svare ut problemstillinga på ein god måte og finne ut korleis ein skal arbeide med dette for å få til eit konstruktivt samarbeid skule og næringsliv. Næringssjefane i Fjell og Berg kommune fekk i oppgåve å fortelle litt om kommunane som dei arbeidde i, medan informasjonen om Fjord kommune¹ var basert på opplysningar frå heimesida deira.

I tillegg er ein av føresetnadane at det er ein ungdomsskule, og at den kan tilby anten arbeidslivsfag, programma til Ugt Entreprenørskap, Utdanningsval eller Lektor2-ordninga. Alle desse faga og programma har element som ein kan bruke inn mot eit samarbeid med næringslivet.

¹ Kommunenamna er fiktive namn. Det er ikkje tidlegare Fjell kommune (no Øygarden) og Berg kommune (no Senja kommune) og noverande Fjord kommune.

4.3 Datainnsamling

Til denne oppgåva valgte eg å bruke kvalitativ metode. Eg har intervjuia sju personar på ulike nivå, frå kommunenivå, bedriftsnivå og til rådgjevar på skular. Grunna covid-19-auke i området gjennomførte eg intervjuia ein til ein via telefon eller Teams. Det gjorde fordi eg vil vite litt om kva erfaringar, meiningar og haldningar intervjuobjektet hadde til temaet om samarbeid mellom skule og næringsliv.

Sjølve dataene tok eg opp på lydband etter å ha avklart det med intervjuobjekta. Det er eitt intervju som eg dokumenterte via notatar og skreiv meir utfyllande rett i etterkant. Intervju varte i gjennomsnitt 40 minutt.

Transkriberinga gjorde eg umiddelbart etter intervjuet for å hugse mest mogleg av samtalens, og på den måten gjekk arbeidet raskt. Eg har valgt å transkribere intervjuet på nynorsk, ikkje dialekt og eg har ikkje tatt med småord og pauser. Dette har eg gjort for at det skal vere god leseflyt. Det er innhaldet, dei erfaringane og haldningane i det som er sagt eg var ute etter, ikkje korleis det var sagt.

Eg valgte semistrukturert eller delvis strukturert intervju der intervjuguiden hadde ein del faste spørsmål, men at ein hadde rom til å hoppe litt att og fram og der ein hadde moglegheit til å stille oppfølgingsspørsmål slik at ein kunne få fyldigare svar. Spørsmåla var tematisert slik at ein fekk vite litt om bakgrunnen til den enkelte, for så å gå vidare til innhaldet og organiseringa i samarbeidet mellom skule og næringsliv. Det vart utarbeidd tre ulike intervjuguidar til dei forskjellige informantane. Dette vart gjort fordi oppgåva ville sjå temaet frå ulike perspektiv og vinklingar.

4.4 Vurdering av kvalitet av innsamla data

Omgrepa reliabilitet og validitet er mykje brukt når ein skal vurdere datamateriale. Omgrepa er mest brukt når ein gjennomfører kvantitative undersøkingar. For å gjere denne forskinga meir truverdig skal eg skildre så langt det let seg gjere sjølve konteksten – og kva for framgangsmåtar eg kjem til å bruke gjennom denne forskingsprosessen for slik å gjere den meir påliteleg. Overførbarheit er ein måte å overføre det ein finn i undersøkingar over på andre liknande fenomen. All forsking har som formål å trekke slutningar utover det som ein finn direkte i opplysningane ein samlar inn (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:233).

Ifølgje Thagaard (2013:211) blir det hevda at om forskaren gjennom ein studie kjem fram til sentrale trekk ved eit fenomen, så kan forskaren argumentere for at forståinga også kan gjelde i andre samanhengar. Det blir også hevda at det å kjenne seg igjen i enkelte av tolkingane eller at ein lesar med kjennskap til enkelte fenomen av det som studerast kan ha ein slags overføringsverdi. Attkjenning av ulike tolkingar kan vere med å gje ei djupare mening til tidlegare kunnskap og erfaringar, og samstundes overskrid lesaren si forståing (Thagaard, 2013:212).

I denne oppgåva vil eg anonymisere både kommunenamn og dei som er med som intervjuobjekt. Dei vil få fiktive namn og dei vil verte skildra så realistisk og nært som mogleg, men utan å avsløre identiteten deira.

4.4.1 Gyldigheit - (validitet)

Ifølgje Kvale & Brinkmann (2015:278) tek dei fram valideringa som ein kvalitetskontroll gjennom alle stadier i kunnskapsproduksjonen. Validet handlar om å finne ut av feilkjelder. Forskaren må ha eit kritisk syn på sine fortolkingar for å motverke selektiv forståing og skeiv fortolking, ein slag djevelsens advokat overfor sine eigne funn. Dei tek fram sju stadier i valideringa som går føre seg gjennom heile kunnskapsinnhentinga.

Det første er tematisering. Undersøkinga si gyldigkeit er avhengig av kor solide dei teoretiske antakingane er. Temaet for denne oppgåva er å undersøke samarbeid mellom skule og næringsliv. Og saman med innleiing og mi forforståing leiar meg vidare til problemstillinga.

Det andre stadiet er planlegging. Den kunnskapen som skal produserast er avhengig av undersøkinga sin kvalitet og dei metodene som er brukt. Frå eit etisk perspektiv bør forskingsdesignet produsere kunnskap som er fordelaktiv for mennesket og mininmalt skadelege konsekvensar. I oppgåva skal eg ta for meg den kunnskapen som dei har og forsøke å få eit resultat som ein kan bruke vidare i å utvikle samarbeidet mellom skule og næringsliv. Difor vil det vere naturleg å stille seg nokre spørsmål om anna forsking har gjort funn som gjer denne studien meir truverdig, og om det kan vere med å underbyggje mi forsking og om det eg finn i mi forsking kan overførast på andre område?

Det tredje stadiet er når ein skal intervjuer har validitet noko med intervjupersonen sitt truverde å gjere, og sjølve intervjuet sin kvalitet. Intervjuet må handle om ei grundig utsørjing av meininga som blir sagt og heile tida føre kontroll med den informasjonen som blir gitt. I mi undersøking vil informantane ha god kjennskap til temaet gjennom det yrke og stillinga dei har og på den måten ha god kunnskap om det eg vil spør dei ut om. Spørsmåla var tematisert og eg fulgte opp med spørsmål der det var naturleg.

Det fjerde stadiet handlar om når ein skal transkribere intervjuet. Om ein vil bruke ein språkleg eller ein munnleg stil. I denne oppgåva har eg valgt å transkribere til nynorsk som ligg mest opp til intervjuobjekta sin talemåte, eg har òg unnlate å ta med småord, pauser. Det er innhaldet i det som vert sagt som er interessant i denne oppgåva.

Det femte stadiet er analysering og har med kor vidt spørsmåla som vert stilt er gyldige og om fortolkingane er logiske. Intervjupersonane i oppgåva har fått tilsendt samtykkeskjema der det er skissert tema og litt om korleis det er tenkt gjennomført. Eg har hatt samtale med dei på førehand der vi har snakka litt om temaet og der eg har gjort vidare avtale om tidspunkt for intervju.

Det sjette stadiet er valideringa og som gjeld ei reflektert vurdering av kva for vurderingsformer som er relevant for ein bestemt studie. I denne oppgåva har eg valgt kvalitativ metode for å vite mest mogleg om erfaringar som intervjupersonane har med samarbeid mellom skule og næringsliv og kunne spør meir inngåande om kva som er faktorar som kan vere med å gjere eit slikt samarbeid mogleg.

Det sjuande og siste stadiet er rapportering. Det handlar om korleis ein rapport gjev ei valid skildring av hovudfunna i ei studie, samt lesaren si oppleving av resultata i oppgåva. Denne oppgåva vil etter mi meining kanskje vere med å bidra til å få fram fleire faktorar som kan vere til hjelp for andre som ønskjer å starte eit vellykka samarbeid mellom skule og næringsliv, og ikkje minst få eit lite innblikk i kva faktorar som ikkje bidreg så mykje og som ein kan unngå. Ifølgje Kvæle & Brinkmann (2015:278) kan ein bruke desse sju stadia som kvalitetskontroll gjennom heile forskingsprosessene.

4.4.2 Pålitelegheit – (reliabilitet)

I kvalitative studier er det meir utfordrande å finne realibiliteten enn i kvantitative studier fordi det først og fremst ikkje vert brukt strukturerte datainnsamlingsteknikkar, for det andre er observasjonar ofte verdilada og kontekstavhengige og for det tredje brukar forskaren seg sjølv som eit instrument. Det handlar om erfaringsbakgrunn til forskaren og at tolkinga ikkje kan gjerast på same måte av andre. Men ein kan styrke denne pålitelegheita ved å skissere grundig konteksten og ein open og detaljert skildring av framgangsmåten under heile forskingsprosessen. At ein utarbeidar ei revisjonsprosedyre som gjer det mogleg å spore dokumentasjon av data, metoder og avgjerder gjennom prosjektet, inkludert resultatet (Ryen 2002 i Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:232). Gjennom intervjugprosessen ville ein kunne stille oppfølgingsspørsmål om noko er uklart, be dei forklare seg meir inngåande om eit spørsmål. Det er viktig i ein slik situasjon at vi begge forstår kva som er meint med det som er sagt. Ved lydbandopptak er det viktig at lyden er god nok og at det ikkje er for mykje bakgrunnsstøy eller andre moment som kunne forstyrre samtalen. Viktig med ro rundt seg slik at ein kan vere fokuserert.

4.5 Forskingsetikk

Når ein skal gjennomføre eit forskingsprosjekt er det tre forhold ein må ta omsyn til og tenkje gjennom, at informanten har rett til å bestemme sjølv og autonomi, at forskaren må respektere informanten sitt privatliv og til slutt forskaren sitt ansvar for å unngå skade. Det siste punktet er mest brukt i medisinsk forsking. Når ein spør informantar om å delta skal ein kunne bestemme sjølv over si deltaking. Vedkomande skal ha god informasjon og eit frivillig samtykke og kan når som helst trekke seg ut av undersøkinga utan noko form for ubehag eller negative konsekvensar (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:86). I denne undersøkinga vart det henta inn samtykke der formålet med studien var forklart og der informanten måtte skrive under at han var kjent med undersøkinga.

Når det gjaldt informanten sitt privatliv var det i denne undersøkinga fokus på yrket og yrkesutøvinga, meir enn privatlivet, men ein ville anonymisere informantane slik at ein ikkje kjente seg igjen. Når det gjaldt det siste punktet om forskaren sitt ansvar for å unngå skade, var det ikkje så aktuelt for mi eiga forsking og den problemstillinga som oppgåva spurte etter.

4.5.1 Personopplysningar og innhenting av data

Om ein skal samle inn og behandle personopplysningar må ein først vurdere om dei er meldepliktige. Alle data som omhandlar personopplysningar er omfatta av meldeplikt om prosjektet omhandlar behandling av personopplysningar eller/og opplysningar heilt eller delvis vert lagra elektronisk (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:88). I denne undersøkinga ville eg gjennom intervjustituasjonen ta opp samtalen på lydband for deretter å transkribere intervjuet. Ifølgje personvernlova vil lydbandopptak kome innunder dei opplysningane som gjer at ein må melde prosjektet inn til Norsk Samfunnsvitenskaplig datatjeneste AS (NSD). Søknaden vart sendt inn elektronisk via nettsidene til NSD og det måtte sendast minst 30 dagar før innsamling skulle starte (NSD - Norsk senter for forskningsdata, u.d.).

4.5.2 Utfordringar

Eg har møtt på eit par-tre utfordringar når eg skulle intervju eit par personar. Det første var at eg måtte ta notatar i staden for å ta det opp på lydband. Klassisk feil og ikkje ta med seg det ein treng til intervjuet som var mitt første via telefon. Det var heilt nytt for meg, men eg løyste det slik at eg tok fyldige notatar etter kvart som intervjuobjektet fortalte. Når vi var ferdige tok eg meg tid til å gå gjennom og reinskrive intervjuet med det same og eg fekk også moglegheten til å ta kontakt seinare med intervupersonen for å få meir utfyllande svar. Det vart ikkje nødvendig med tanke på innhaldet og dei erfaringane som kom fram. Men eg brukte det for å få namn til nokon som skulen hadde samarbeid med.

Den andre utfordringa var når eg hadde avtalt eit Teamsintervju med ein lærlingeansvarleg i ei bedrift og det viste seg når eg starta at dei var to, men dette vart godt gjennomført og tatt opp på lydband og det som tok litt ekstra tid var transkriberinga i etterkant.

Det som også kan vere ei utfordring når ein ikkje har fysiske intervjustituasjonar er at ein mistar ein del kontakta til intervjuobjektet, at ein ikkje ser ansiktsuttrykk og kroppsspråk, men det er ikkje så viktig for meiningsinnhaldet i denne oppgåva.

4.5.3 Informert samtykke

Personopplysningslova set krav til samtykke. Om enkeltpersonar kan identifiserast skal dei skrive under på eit samtykkeskjema. Det skal vere frivillig, uttrykkeleg og informert

erklæring frå den som opplysningsane gjeld, og at vedkomande godtek behandling av opplysningar om seg sjølv. Dei skal òg ha nødvendige opplysningar om undersøkinga (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:91). I denne undersøkinga så vart det utarbeidd samtykkeskjema etter mal frå NSD og som informantane skreiv under på, sjå vedlegg.

4.5.4 Teieplikt og anonymitet

Ifølgje Forvaltingslova er alle opplysningar som kan førast tilbake til enkeltpersonar underlagt teieplikt. Om ein har personlege opplysningar som ein kan kjenne att må ein anonymisere. Dei som deltek i ei undersøking må vere sikra at informasjon som er gitt ikkje kan peike tilbake på dei. Og dei opplysningsane ein får til eit formål må ikkje brukast i andre samanhengar. For å stette dette kravet kan ein endre opplysningar slik som kjønn, alder og stilling, samt kor undersøkinga vert gjennomført (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:91).

Fordelen ved å anonymisere er at ingen informanter er nemnt med reelle namn og kan sporast tilbake, dei er beskytta. Dei har fått fiktive namn, i tillegg har eg valgt å anonymisere kommunane og bedriftene. Ein kan kanskje stille spørsmål med kvifor ein skal anonymisere ei slik oppgåve som handlar om eit tema som går på samarbeid mellom skule og næringsliv, men det kan vere at det kjem fram ein del utfordringar ved samarbeidet. Ved å då anonymisere oppgåva vil det etter mi meining vere betre for alle parter og at resultatet kan brukast av fleire.

4.5.6 Analyse av materialet

Når ein har samla inn datamaterialet som ein har innhenta må ein analysere og tolke dei fordi teoriar, hypotesar og forskaren si forforståing er viktig for dataanalysen. Analyse og tolking glir ofte over i kvarandre i kvalitative studier, likevel er der nokre forskjellar:

- Ved analyse delar ein materialet opp i mindre element. Forskaren skal avdekke ein bodskap eller ei meining nettopp for å finne eit mønster i datamaterialet. Når dei dataene er analysert kan forskaren trekke ein konklusjon som skal svare på problemstillinga.

- Når ein tolkar må ein setje noko inn i ein samanheng. Det er vanleg å ta utgangspunkt i teori på det området ein forskar på og sjå funna opp mot relevant teori. Til slutt forsøker forskaren å forstå og forklare funna frå analysen (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:162).

Fortolking og formål heng saman fordi ein ser på konsekvensar av konklusjonen og kva for tilrådingar ein har til vidare forsking. Berg (2001) har følgjande rekkefølge som eg har valt å bruke i oppgåva:

- Innsamling av data og transkribering
- Tekstane blir gitt koder
- Kodane blir tematisert og kategorisert
- Datamaterialet vert sortert etter desse kodane for å avdekke mønstre, liknande utsagn, finne fellestrekks eller ulikskapar
- Det sorterte datamaterialet vert analysert
- Identifisere mønstre i lys av eksisterande forsking og teoriar (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016:177).

Når eg skulle starte analysa av intervjuet så var dei på førehand tildels kategorisert og tematisert på førehand i utforminga av intervjuguiden. Det gjorde arbeidet lettare når ein skulle til med analysedelen. Eg valgte å starte analysa med å definere tema på eit overordna nivå, for å ta for meg kor viktig det er med forankring og kva lokalsamfunn og nettverk har å seie for eit samarbeid mellom skule og næringsliv. Deretter gjekk eg vidare til dei ulike programma som er med å støtte oppunder eit samarbeid mellom skule og næringsliv.

5. Presentasjon av kommunar og informantar

I dette kapittelet vil oppgåva presentere kommunane og næringssjefane, bedriftene og informantane, skulane og rådgjevarane. Det vil starte først på det overordna nivået, for deretter å presentere bedriften og dei som har ansvar opp mot skulen og til sist presentere skulane og dei rådgjevarane som arbeider med samarbeidet opp mot bedriftene. Det er viktig å presisere at næringssjefane i kommunane har ulik organisering. Næringssjefen i Fjell kommune har ei sjølvstendig rolle, og er løna av kommunen, men er også næringslivet sin representant, medan næringssjefen i Berg kommune er tilsett i ei stifting og har løna si både

frå næringsliv og kommune. Næringssjefane i Fjell og Berg kommune fekk presentere kommunane som dei tilhørde sjølve, medan informasjonen om Fjord kommune kjem frå heimesida deira.

5.1 Fjell kommune

Fjell kommune har omrent 60 000 innbyggjarar. Det er ei kommune med mykje sjøareal og ei stor landbrukskommune. Kommunen er eigentleg ei rik kommune ved at ein har eit sterkt næringsliv av både produksjon og eksportretta bedrifter, reiseliv og tenestytande jobbar. Kommunen er òg stor innanfor fiskeri og verftsindustri, og ein er avhengig av arbeidskraft utanfrå. I tillegg til dette har NTNU etablert seg i kommunen som gjer at det vert meir spanande å vere student. Og ein har eit godt samarbeid med kompetansesenteret der ein både har bedrifter og forskingsmiljø.

Næringssjefen si rolle i Fjell kommune er å vere bindeleddet mellom næringslivet og kommunen. Den er ei forholdsvis fri rolle der ein ikkje har stillingsinstruks. Det er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunane å drive næringsutvikling i ei kommune. Det viktige er å sjå ting frå næringslivet si side og næringslivsaktørane sitt synspunkt og prøve å lette dialogen mellom det offentlege og private, men også korleis ein arbeider på.

5.1.1 *Næringsstrategi for Fjell kommune*

Fjell kommune har fått etablert ein næringsstrategi som skal vare i fire år framover. I den vert det tatt opp ulike emne som vil vere viktig framover deriblant Ungt Entreprenørskap.

«Entreprenørskap handlar om å sjå muligheter i seg og rundt seg, og å gjere noko med dei. Ungt entreprenørskap (UE) er ein landsdekkande ideell nettverksorganisasjon innanfor entreprenørskap i utdanning som har som visjon å inspirere unge til å tenke nytt og skape verdiar. Innarbeiding av entreprenørskapsløype frå grunnskulen og opp til høgskule- og universitetsnivå vert viktig»

I slike planer legg ein føringar for kva ein skal vektlegge og kva ein skal satse på framover. I denne strategiplana legg dei stor vekt på innovasjon og berekraft.

5.2 Fjord kommune

Fjord kommune er ei kommune med ca. 30 000 innbyggjarar. Kommunen har eit variert næringsliv og akademia. Kommunen har også ein del statlege arbeidsplassar. I denne kommunen har dei ikkje endå fått etablert næringsstrategi, men det er eit næringsforum i kommunen som er aktivt og som arbeider og koordinerer på tvers av bransjer for å fremje næringslivet i regionen. Det er eit uttalt ønskje frå kommunestyret at ein skal gjennomføre Entreprenørskapsløypa til Ungt Entreprenørskap.

5.3 Berg kommune

Berg kommune med sine ca. 7500 innbyggjarar har eit stort areal med spreiddbygd busetnad og mange små bygder. Næringslivet består i hovudsak av mykje jordbruk, landbruk, og skogbruk, og no i dei siste åra turisme. Det er eit enormt mangfold av ulike småbedrifter ute i dei små bygdene som ligg rundt omkring ute i kommunen. Kommunen ser regionen den tilhøyre som veldig viktig fordi kommunane i nærlieken utfyllar kvarandre. Der eine kommunen har eit sterkt yrkesfagleg tilbod til elevane og den andre har eit meir studiespesialiserande tilbod. Næringslivet er aktivt og har ein marknad som er over heile verda som gjer at ei av hovudoppgåvene til næringssjefen er å arbeide med samferdsel. Rolla til næringssjefen er å vere dagleg leiar for næringskontoret i Berg kommune og er ei stifting der ein del av løna er finasiert av næringslivet og den andre av kommunen. Det er ca. 100 medlemsbedrifter som er knytt til næringskontoret. Det er viktig for næringssjefen å vekte dei oppgåvene som ein skal jobbe med, å finne dei sakene som er viktige både i eit kommunalt og privat perspektiv. Ei av dei viktige sakene for næringslivet er samarbeid, med å utvikle transport og kommunikasjon. Og så er det viktig å ha fokus på den næringa som er i vekst no slik som turisme. Ulike satsingar har gitt resultat i løpet av dei siste åra og turismen er i vekst i mange bygdelag.

5.3.1 Entreprenørskapsløype

Berg kommune er den einaste av dei undersøkte kommunane som har laga ei entreprenørskapsløype i samarbeid med kommune, lokalt næringsliv og Ungt Entreprenørskap. Dette er ei tre-årig plan som står føre ei revidering for ei ny periode. Denne plana er meint som eit strukturerande element der ein forpliktar og kvalitetssikrar opplæringssamarbeidet mellom skule, offentleg og privat næringsliv og som er forankra i kompetansemåla. Mandatet har vore å utvikle fora og strukturar for eit forpliktande samarbeid mellom skule og næringsliv frå 5. -10. trinn. Planen inneholder eit forpliktande årshjul for aktivitetar for dei same trinna.

5.4 Presentasjon av bedriftene og informantane

Bedrift nr. 1 som er heimehøyrande i Fjell kommune er ei stor bedrift med fleire avdelingar. Eg tok kontakt med ei lokalavdeling som har eit samarbeid med den ein skulen som er med i oppgåva. Den har ca. 100 tilsette, med stort sett lokal forankring. Portefølgja til bedrifta er automasjon, kontrollsysteem og elektroprodukt. Dei er også med å produsere og levele alt som skal inn i styringssystem. Bedrifta har lagt bak seg ei tung periode med omfattande nedbemannning og dei har måtte lagt om produksjonen etter offshorekrisa i 2014-15. Det eine intervjuobjektet er leiar av fagavdelinga og lærlingeansvarleg i bedrifta og har kontakt opp mot skulane. Han har eit oppfølgingsansvar opp mot lærlingane og TAF²-elevane i bedrifta. Intervjuobjekt nr. to var plassjef i bedrifta og stod for det meste av intervjet.

Bedrift nr. 2 er heimehøyrande i Berg kommune og er ei middels stor bedrift med omtrent 70 tilsette. Bedrifta lagar utstyr til fiskeri- og oppdrettsnæringa. Dei er inne i ei god utvikling og har dobla antall tilsette på dei tre siste åra og har planar om å fortsetje med med. Intervjuobjektet er driftsleiar og er den som har hatt kontakt med skulane no, og dagleg leiar før han.

5.5 Presentasjon av skulane og rådgjevarane

Skule nr. 1 ligg i Fjell kommune og er ein liten 1-10 skule. Dei har hatt eit godt samarbeid med fleire bedrifter over fleire år takka vere ein primus motor som rådgjevar. Skulen har både

² TAF-elever- elevar på tekniske-allmenne fag, oppretta som ei prøveordning i 1992 og vart innført og har vart heilt fram til i dag. No heiter linja YSK- Yrkes – og studiekompetanse.

programma til Ungt Entreprenørskap, Lektor2-ordninga, timeplanfesta utdanningsval og arbeidslivsfag. Rågjevaren har vore i stillinga si i over fem år og har arbeidd tett opp mot næringslivet og vidaregåande opplæring tidlegare, i ulike stillingar.

Skule nr. 2 ligg i Berg kommune og er ein middels stor ungdomsskule. Dei har også programma til Ungt Entreprenørskap, timeplanfesta utdanningsval og arbeidslivsfag og er med i den lokalt forankra entreprenørskapsløypa. Rådgjevaren har hatt stillinga si i over fem år og arbeider mykje med samarbeidet opp mot næringslivet.

Skule nr. 3 ligg i Fjord kommune og er ein liten 5 -10 skule. Skulen har programma til Ungt Entreprenørskap, timeplanfesta utdanningsval og arbeidslivsfag. Rådgjevaren har arbeidd meir enn fem år i stillinga og arbeider opp mot bedrifter i området.

6. Samarbeid skule og næringsliv

I det førre kapittelet vart informantane presentert og vist korleis dei har bidratt inn i oppgåva og opp mot problemstillinga:

- *Korleis arbeider grunnskulane med å få til eit konstruktivt samarbeid med næringslivet i lokalsamfunna sine?*

Det som har vore viktig å få fram er korleis det blir arbeidd på ulike nivå for å skape eit konstruktivt samarbeid med næringslivet. Er det viktig at det er forankra i dei ulike nivåa eller spelar det mindre rolle? Har storleiken på lokalmiljøet noko å seie for å få til eit samarbeid? Har nettverk og relasjonar noko å seie for eit samarbeid? Dette vil oppgåva gå nærmare inn på ved hjelp av informasjonen intervjuobjekta har sagt og erfart gjennom fleire år. Oppgåva vil samstundes sjå datamaterialet opp mot teori og tidlegare forsking for å sjå om dei funna som oppgåva har avdekt kan samsvare med det som andre sine undersøkingar har gjort tidlegare.

6.1 Forankring

Eit av spørsmåla som oppgåva stilte var om det var viktig med forankring for å få til eit godt samarbeid mellom skule og næringsliv. Dette vart tenkt både som forankring frå høgaste hald

som i denne oppgåva er kommunen, og til lærarane som skal vere med elevane til dei ulike bedriftene. Er dette ein faktor som kan bidra til eit vellukka samarbeid?

Forankring er definert på ulike måtar, men professor i samfunnsplanlegging Jørgen Amdam har hatt innspel til ein definisjon som kan brukast på dette temaet;

«Forankring av en plan betyr at de aktører som skal/må/bør ha ansvar og som er avhengig av å gjennomføre planen, tiltak m.m "eier planen", de har vært med på å utvikle innholdet, de er enige med innholdet, de erkjenner si rolle som iverksetter, og er i stand til å gjøre noe med feltet/tiltaket.» (Kommunetorget, 2019)

Dette var òg noko av det informantane la i den forankringa som var viktig frå alle nivå. At dei som er involvert i ei plan eller eit prosjekt følte eit eigarskap til det og ikkje minst kjente til det som skulle gjennomførast.

Det som er førande for alt planverk er dei overnasjonale føringane som i dette tilfellet er nokre av berekraftsmåla til FN og det er måla *God utdanning, Industri, innovasjon og infrastruktur og Samarbeid for å nå måla* som er aktuell i denne oppgåva. For å skape nye arbeidsplasser er vi avhengig av å ha kompetent arbeidskraft som raskt kan omstille seg og for å skape innovasjon slik at ein kan satse på meir berekraftige og miljøvenlege metodar og arbeidsmåtar. For å få til dette så er ein avhengig av å skape gode møtestader og for å samarbeide med både offentlege, private og frivillege instansar (FN-Sambandet, 2021).

Når det gjeld den kommunale forankringa er den viktig fordi kommunen er ein stor arbeidsplass, dei driv grunnskulane og har det øvste ansvaret for kva ein skal satse på i skulen, som til dømes Ungt Entreprenørskap. Det er felles for dei tre kommunane.

Det er viktig pga at dei [kommunen] er gode medspelarar på yrkesorientering, Innovasjonscamp, Vårt Lokalsamfunn m.fl prosjekt. Det er viktig at dei er ute og synleggjer sine arbeidsplassar, og rekrutterer folk inn til sårt trengande statlege/kommunale arbeidsplassar (rådgjevar, Fjell).

Rådgjevaren i Berg seier at det er viktig med forankring i leiinga ved skulen og at; «Eg har snakka mykje med leiinga kor viktig det er at dette ikkje blir rådgivar sin Bergmodell, men skulen sin Bergmodell.» Rådgjevaren seier vidare at det er ei utfordring at ein ikkje får snakkast og planlagt godt nok «få det forankra ved ein del rektorbytte og sånn, sånn det har vore litt min og næringssjefen sin Bergmodell». Det er viktig at leiinga ved skulen er tydeleg på at dette er forventa at ein gjennomfører. Rådgjevaren er óg tydeleg på at det må forankrast i kommunen;

Eg tenkte at om dette skulle vere berekraftig og ha eit godt fundament så treng vi kommunen med på laget (...) og at det utad viser at dette er noko vi satsa på, tenke på for heile ungdomsskulen, då må det forankrast i kommunaleiing og så må dei også vere med på å fronte det, ikkje berre skulen (rådgjevar, Berg).

Det same var rådgjevaren i Fjell óg inne på; «Når ein tenkjer på innovasjonscamp så må det vere forankra i leiinga og heile skulen. At det står når vi skal arrangere det og at det står i planverket.»

6.2 Lokalsamfunnkontekst og nettverk

I dette kapittelet skal eg sjå nærmare på kva for faktorar i lokalsamfunna og nettverka som er med å styrke og eventuelt svekke eit samarbeid mellom skule og næringsliv. Er ein avhengig av å ha eit godt nettverk for å skape eit konstruktivt samarbeid? Og er ein avhengig av kvar ein bur for å skape eit samarbeid? Sosial kapital er ein viktig del for alle delar av samfunnet sin infrastruktur. Ifølgje Halpern (2005) hevdar han at sosial kapital har tyding for fleire nivå i samfunnet. Og at det finnast på ulike nivå. St.meld.nr. 9 trekk fram at lokalsamfunnet er ein viktig del av elevane sitt læringsmiljø og eit godt samspel kan vere med å styrke og berike læringsarbeidet. Det er òg viktig at det som skjer i skulen også blir formidla ut til i lokalsamfunnet. Dette er fordi elevane som går på skulen også er dei same som bur i området og som ein gong i framtida vil arbeide i det same lokalsamfunnet. Difor er det viktig at ein greier å skape gode relasjonar til dei som opererer i det same samfunnet. Dette gjeld særskilt næringslivsleiarar som bidreg til arbeidsplasser i lokalsamfunnet. Sosial kapital kan både vise til elevane sin sosiale kapital gjennom familie og vene og vise at skule og arbeidsliv er ein del av lokalsamfunnet (Eide & Lauritzen, 2018:12).

Ifølgje Quaglia (2017:59) meiner han at kanskje næringslivsleiarar ikkje alltid forstår utdanning fullt ut, men at ein likevel må høyre på dei tankane og ideane dei måtte ha. Og Stoltenberg II- regjeringa si strategiplan framheva at ein måtte auke kontakta med næring- og samfunnsliv.

Næringsjefen i Fjell er tydeleg på at ein må ha forståing over korleis eit lokalsamfunn blir drive og kva for arbeidsplasser som er ute i dei ulike lokalsamfunna.

Du sitt i styret i korpset, handballen og i fotballen og du er både trenar og lagleiar i forskjellige og i tillegg så sitt du i FAU og du er med kanskje i Røde kors, det klare dei ikkje å forstå fordi dei er så mange fleire. Men i eit lokalsamfunn så er vi med på alt. Og der har vi ein veg å gå, også det med å forstå næringslivet ute i distrikta (næringsjef, Fjell).

Dette viser også til aktør- nettverksteori som tek omsyn til korleis både sosiale og naturlege fenomen eksisterar i kraft av nettverk av relasjonar (Latour, 1996). I eit lite lokalsamfunn der alle kjenner alle og har nettverk i form av dei rollene dei har i yrket sitt og fritida si.

For bedrifa i Fjell er det viktig å vise seg fram for framtidige arbeidstakrarar. I Bukve (2012:238) seier han at det nye stikkordet er bulyst, og ein håpar på at auka busetjing òg kan gje auka sysselsetjing og at i mange lokalsamfunn er det verksemder som har vore der lenge, såkalla hjørnestinsbedrifter og betyr mykje for busetjing og arbeidsplassar. Og dei har ofte eit nært og godt samarbeid med det øvrige lokalmiljøet.

På grunn av lokalitet og at vi er ei hjørnestinsbedrift og at vi gjerne vil knyte til oss dei ungdommane som er der ute og få nysgjerrigheita på det oss drive med. For vi vil no vere avhengig av dei seinare, når dei blir potensielle arbeidstakrarar (bedrift, Fjell)

Bridging sosial kapital slik Granovetter legg det fram bygg på fleire føresetnadar, men den viktigaste som er aktuell her er at dess sterkare relasjon det er mellom to aktørar, desto meir sannsynleg er det òg at deira sosiale verd overlappar kvarandre – dei har same omgangskrets (Jakobsen & Normann, 2013:237). Rådgjevaren i Fjell er inne litt på det same, at på ein

mindre stad så er det lettare å knyte gode nettverk og at det er kanskje er lettare å gjere avtalar, det er ikkje så lett så seie nei til noko ein kjenner eller har ein relasjon til;

Det kan vere enklare på mindre plassar å få oversikt og halde oversikt. Og ein rådgjevar som er aktiv på mange ulike områder har lettare for å knyte gode nettverk. Det er meir oversikteleg i små lokalsamfunn og terskelen for å ta ein prat er kanskje mindre? Det kan også hende at det blir for personavhengig at det blir for sårbart.

For bedrifta i Fjell er det viktig at ein er synleg i lokalmiljøet både overfor elevane og ikkje minst foreldra. Og strategien deira er at dei skal vere synleg i lokalmiljøet og stiller opp på messer og liknande. Når eg spør om korleis det hadde vore å hatt eit større lokalsamfunn å forhalde seg til så svarar dei;

Om vi hadde hatt fleire skular, kall det gjerne eit større problem, det er ikkje eit problem, men at det hadde vore større pågang. Då måtte vi ha vurdert om vi skulle hatt eigne ressursar som hadde tatt seg av det (bedrift, Fjell).

Det same tenker bedrifta i Berg om å ha ein strategi for å gjere seg betre kjent rundt omkring i lokalsamfunnet;

No har vi brukt alle kanalar for å gjere oss betre kjent rundt omkring, orientere skulane, halde foredrag og vi har også trykt på litt for å kome i media av og til. Vise oss at folk veit om oss. Dette arbeidet har eg faktisk sett resultat av allereie at vi får mykje fleire søkerar både på lærlingepllassar og jobbsøkerar (bedrift, Berg).

Om næringslivet og skulen samarbeider om konkrete prosjekt så vil dei vise barn og unge ei større forståing og kjensle for lokalmiljøet. Næringslivet vil på denne måten verte ein aktør i barn og unge si utvikling, samt deltagande i å utvikle ein entreprenøriell kultur i lokalsamfunnet (Ødegård, 2013:135).

Mange bedrifter ser at det er verdfullt å vise seg fram i lokalsamfunnet og for elevane, og at det å kome inn i skulen vert sett på som ein mogleg rekrutteringsarena. Kvar ein bur kan òg vere med å avgjere kor godt ein kan skape gode nettverk.

6.3 Organisering av samarbeidet

Det første eg ville vite var korleis samarbeidet med næringslivet er organisert i dag og om det er formalisert på nokon måte. Kva for erfaringar har dei gjort seg? Det viste seg at samarbeidet var organisert litt ulikt i dei forskjellige kommunane, men at programma til Ungt Entreprenørskap var felles for alle skulane sjølv om utføringa var forskjellig. I dette kapittelet ville oppgåva først sjå nærmere på organisering av arbeidslivsfaget, utdanningsval, Lektor2-ordninga og entreprenørsskapsløypa til Ungt Entreprenørskap og korleis dei vart utført og kva som var innhaldet i dei ulike faga. Det neste oppgåva ville undersøkje var å sjå nærmere på korleis dei hadde organisert arbeidet med bedriftene, korleis det vart utført, forankring, styrker og svakheter og kva som kunne bli betre.

6.3.1 *Organisering av dei ulike programma*

Skulen i Fjell kommune brukte Lektor2-ordninga og Ungt Entreprenørskap sine program og samarbeidet med næringslivet var meir prosjektbasert. Her var det representantar for dei ulike yrka som kom innom skulen på besøk eller at elevane reiste ut til bedriftene. PRYO³ var felles for alle skulane som var med i oppgåva. Arbeidslivskunnskapsveka var særskilt for denne skulen. Den kom i tillegg til PRYO- arbeidsveka der elevane skulle finne seg arbeid sjølv i fire dagar og dei brukte lærlingane til dette arbeidet.

TAF- og YSK-lærlingane får då tid til å arbeide med 9.klasse elevane. Dette er ein fast avtale at kvart år i januar har vi ei arbeidslivskunnskapsveke der elevane er ute blant bedriftene og at bedriftene kan sende representantar til skulen. I denne veka får dei mykje informasjon som skal munne ut i ein presentasjon som skal haldast for foreldra på både 9. og 10. trinn (rådgjevar, Fjell)

Tidlegare var samarbeidet formalisert gjennom partnerskapsavtale, men den modellen er ikkje i bruk no. Når eg spurte kvifor den ikkje var i bruk var det ikkje noko eintydig grunn som vart trekt fram, berre at den fungerte bra når dei brukte den. No var det slik at rådgjevar tok direkte kontakt med bedriftene og gjorde avtalar slik at heile klassar kunne kome på besøk. Dette varierte år for år og var meir dynamisk. Dette samarbeidet var nedfelt i årshjulet for skulen og

³ PRYO- Praktisk Yrkesorientering

var knytt opp mot relevante fag og områder. Og rådgjevar framheva at framføringane var knytt opp mot norsk munnleg karakteren og at det brukte å vere veldig bra framføringar. Det same sa rådgjevar i Fjord òg at når «dei skal skrive prosjektoppgåve i 10.ande om to yrker og eit intervju har dei fått karakter i norsk skriftleg og på framføringa. Og då blir det skikkeleg arbeid sjølv om dei brukar UTV-timane til å jobbe med det.»

6.3.2 Organisering av Lektor2-ordninga

Dette programmet var det berre skulen i Fjell som hadde framheva som eit viktig kontaktpunkt opp mot næringslivet. Kontakta skjedde direkte opp mot lærlingekontakt i bedrifta på grunn av praktisk gjennomføring. Han framheva at dette var ein vinn-vinn-situasjon. Skulen hadde omrent to elevar kvart år som gjekk på TAF-linja. Elevane møte realfaga og dei kjente litt til TAF-elevane som kom. «Og dei har ikkje så stor aldersforskjell og snakkar ungommens språk. Og det er kjekt for lærlingane å kome tilbake til skulen og vere eit førebilete for dei andre elevane.»

Når det gjeld Lektor-2 programmet så starter det alltid med eit møte i løpet av januar, der eg reiser ut i bedriftene og følger opp prosjektet. Lærlingane er nye kvart år. Den som leiar lektor-2 programmet legg opp til eit reelt kundemøte som dei har i bedrifta og der eg som rådgjevar er «kunden». Då blir skulen vår og det vi skal gjere bestillinga til bedrifta og vi ser korleis slike møte blir gjennomført og lærlingane lærer av dette (rådgjevar, Fjell)

Bedrifta i Fjell framheva at dei heilt bevisst brukar TAF-elevar til samarbeidet med skulen fordi dei møter nesten jamnaldringar og at TAF-elevane sjølve lærer ved å prate om det dei sjølve har lært. Dei er på same læringsnivået.

Dei finn veldig fort tonen og eg trur ungdomsskuleelevane har mest igjen for det også då, kontra ein voksen som står og fortel om system som han har halde på med i 20-30 år. Eg trur kanskje at det er bedre for begge partar då (bedrift, Fjell).

I Popperud (2019) hevda han at ved å få inn eksterne foredragshaldarar så har elevane fått auka relevansen i opplæringa. Det har vore ein fordel for begge partar ved at skulen har fått

nyte godt av den kompetansen verksemda sit med og omvendt at verksemda har fått innsikt i mellom anna skulen sin pedagogiske kompetanse.

6.3.3 Organisering av arbeidslivsfag

Arbeidslivsfaget er ikkje einsretta og ein fann mange døme på ulik organisering. Nokre samlar opp timer og gjennomførte heile dagar nokre dagar i året. I faget arbeidsliv var dei stort sett i skulen, men også litt i bedrift. Ved skulen i Berg kommune starta timane oftast ute i bedrift og det var ikkje faste avtalar med bedrifter med tanke på faget.

Det blir litt sånn at ein tek kontakt litt etter eleven si interesse. Skulen tenke meir skulebasert og så har vi den fordelen at vi har yrkesfaglinja nært oss. Skulen har eit praktisk opplegg der dei lagar dukkehus og innreiari det og det endar med at barnehagen får produktet. Faget er lite teoretisk, mest praktisk (rådgjevar, Berg).

Rådgjevaren sa at det er mange elevar som vel språk, men som aller helst burde valgt noko anna, «ein ser at at det er mange som strevar og då er arbeidslivsfaget veldig populært.»

Arbeidslivsfaget var ved skulen i Fjell kommune organisert med ei treårig-plan som gjekk frå 8.-10. trinn. «Når det gjeld arbeidslivsfaget er det eit fag som elevane synest har vore gøy og det har vore veldig velvillige bedrifter i dette opplegget. Det er viktig å tone ned det teoretiske og heller ta det igjen gjennom framföringar.» Når det gjeld den praktiske gjennomföringa hadde dei praktisert følgjande opplegg:

Ei klasse er knytt til ei bedrift eitt heilt år der dei har ulike oppgåver gjennom året. Når dei kjem til 9. trinn så er det ei ny bedrift. På den måten får dei god kjennskap til korleis bedrifta arbeider. Det er litt mangfold i det å sjå ulike ting. Der får dei gå gjennom HMS-plan, ord og uttrykk og alt er kopla opp mot læreplan (rådgjevar, Fjell)

Skulen i Fjord hadde delt sine elevar i tre ulike grupper i arbeidslivsfag som gjorde ulike ting, alt frå sløyd og produksjon av treprodukt, mekkestasjon og den største gruppa var på kjøkenet. Dei hadde ein assistent som tidlegare hadde praktisert som kokk og som no var med elevane og laga hamburgarar som dei selte på skulen, messer mm. Dei kjøpte dyr lokalt, lærte seg å flå, ta ut kjøtet. I arbeidslivsfaget hadde skulen i Fjord ikkje brukt næringslivet, det vart

meir som spesialtiltak opp mot enkeltelevar. Vidare sa rådgjevar at arbeidslivsfaget var eit fag for dei som trengte praktisk arbeid og at dei var heilt avhengig av dette faget, for det var nok av dei som ikkje trengte meir norsk eller engelsk fordjuping.

Og det er litt dei same tilbakemeldingane ein fekk frå dei ulike skulane at arbeidslivsfaget vart praktisert veldig forskjellig alt ettersom kva ein hadde av ressursar i lokalsamfunnet og kor store klassane var.

6.3.4 *Ungt Entreprenørskap sine program*

Ungt Entreprenørskap har som tidlegare nemnt ulike program som skulane som var med i denne undersøkinga var med på. Jobbskugging var eitt av dei og ligg til 8. trinn. Det varte ein dag der dei skulle følgje nokon kjente i deira jobb og sjå kva dei gjorde og der dei skulle presentere kva dei hadde erfart i løpet av dagen for medelevane sine.

Og rådgjevar i Fjord trakk fram programma som Ungt Entreprenørskap hadde som til dømes *Vårt lokalsamfunn* på 5. trinn der ein brukar lokale ressursar og Sikksakk Europa der skulen samarbeider med ei bedrift som eksporterar fisk.

Dette samarbeidet fungerer godt takka vere ein lærar som kjenne dei litt frå før og som er naboar, det er eit viktig element. Dei er lette å spørje. Og elevane ser dei store trailarane med utanlandske skilt som står og lastar opp fisk for vidare eksport ut i Europa (rådgjevar, Fjord).

Ved skulen i Fjell kommune fulgte dei desse programma: «Vi gjennomfører *Vårt lokalsamfunn* annakvart år, det same med *SikkSakk Europa*⁴ som blir gjennomført for 6.-7. trinn. Elles så har vi Jobbskugging, Pryo-veke og innovasjonscamp som ligg i UE-programmet.»

I Berg kommune hadde dei organisiert det litt annleis. Der har dei hatt dei siste tre åra ei entreprenørskapsløype som var ein avtale mellom kommunen, Ungt Entreprenørskap, skulesektoren og bedriftene i lokalmiljøet. Dei hadde kalla den Bergmodellen. Rådgjevaren her framheva eit av programma til UE som er innovasjonscamp. «Så har vi hatt

⁴ SikkSakk Europa er tatt vekk frå Ungt Entreprenørskap sine program.

innovasjonscamp. Det har vi ikkje hatt dei to siste åra. Håpar at vi kan starte opp igjen no når kommunen er i ferd med å teikne ny intensjonsavtale om det» (rådgjevar, Berg).

Her la Bergmodellen føringar for korleis ein del av samarbeidet mellom skulen og næringslivet skulle organiserast, gjennomførast og med tidspunkt. Skulane var forplikta til å gjennomføre dei programma som låg i plana, dei måtte sende lærarar på kurs, ta initiativ overfor kontaktpersonar i aktuelle samarbeidsbedrifter og anna arbeidsliv og måtte rapportere gjennomførte program til UE. Samarbeidsbedriftene skulle ifølgje denne avtalen gjere omtrent det same som skulane, men i tillegg skulle dei bidra årleg med minimum eit oppdrag og ein mentor til innovasjonscampane. Dei skulle òg vere bidragsytarar til å sette inn kompetente rettleiarar for programmet *SikkSakk Europa*. Ifølgje produksjonssjefen på bedrifta i Berg;

Vi har no hatt eit sånt samarbeid slik eg snakka om (tidl. Tlf.samtale) ang.

Gründercamp (no: innovasjonscamp) med ungdomsskulen for ei to-tre år sidan, sidan har det vore stilt derifrå. Veit ikkje om eg har høyrt noko derifrå. Det var no veldig kjekt å ha med seg desse ungdommane her og dei fekk ei oppgåve med å løyse eit problem. Det vart no veldig interessant.

Når eg spurte han om dei var med i Bergmodellen så svarte han: «Nei, kva det vil seie?» Her måtte eg inn og forklare korleis modellen skulle fungere og intensjonen med den. Og når eg sa at bedrifta hadde vore med å signert den så sa han at «ja, vi har sikkert vore med der og signert den for kanskje eit par år sidan». Når det var sagt var det dagleg leiar som hadde signert, men det var overraskande at driftsleiaren som hadde ansvaret for samarbeidet med skulen ikkje visste om den. Han fortalte vidare at dei har vore på skulane og hatt foredrag om bedrifta. Dette funnet viser at det er viktig med forankring og eigarskap og at dei som arbeider i bedrifta er klar over kva rolle den har i eit samarbeid med skulen.

Når det gjeld programma til Ungt Entreprenørskap så er dei med på jobbskugging på 8. trinn, Pryo-veka på 9. trinn og innovasjonscamp på 10. trinn. Avtalen var at dei skulle vere med på 3 av 5 program når dei inngjekk avtalen.

6.3.5 Arbeidsveka - PRYO

Arbeidsveka er ein del av Ungt Entreprenørskap der elevane skal kontakte bedriftene sjølv og skaffe seg arbeid. Ved skulen i Fjord såg ein korleis ein kunne tenke annleis og gjere det mogleg for elevane til å tenke litt større.

På 9. trinn har dei arbeidsveka, 4 dagar, kunne godt hatt fem, det er alltid i tilknyting til rett etter påske med oss, slik at dei kan velge å jobbe litt lenger vekk viss dei har kontaktar. Vi har hatt ein del elevar rundt omkring heile landet eigentleg. I Trondheim, militærleir i Troms, militærkjøken i Trøndelag, dei har vore i Oslo på forskjellige ting der og det gjer at dei blir meir kreativ merka eg når dei får setje det saman med ferie (rådgjevar, Fjord).

Arbeidsveka i Fjell kommune hadde omrent same organiseringa, men tidspunktet var lagt til når det var eksamen for 10. trinn. I etterkant av denne veka skulle elevane presentere kva dei hadde gjort for klassa og der ein fekk høyre korleis andre har hatt det den veka og ikkje minst få høyre om andre yrker. Det var viktig å dele det ein hadde lært og opplevd. Dette vart kopla opp mot munnleg karakter og var gode framføringer.

6.3.6 Utdanningsval

Utdanningsval var timeplanfesta ved alle dei tre skulane som var med i undersøkinga og det vart òg framheva av rådgjevaren i Fjord at «den største faktoren for å lykkast med det samarbeidet er å få UDV på timeplana og bruke dei timane til det samarbeidet og det står også i fagplana til UTV også at ein skal kjenne det lokale næringslivet.»

Skulen i Fjord kommune fortalte om organiseringa at det var litt opp til rådgjevar og det faget som var timeplanfesta, Utdanningsval. «(...) med to timer i veka og det er dei timane eg brukar til å samarbeide med næringslivet i forhold til faget Utdanningsvalg» (rådgjevar, Fjord).

Skulen i Berg kommune hadde ei organisering av UTV som hadde fungert godt og som verka godt gjennomtenkt og som hadde alle elementa, både førebuing, linja på vidaregåande skule og næringslivet og etterarbeid.

Vi legg ein årsplan der vi skal ha eit samarbeid. Vi kan starte med byggfag, la oss seie at det er i veke 43. Då er planen at vi i UDV skal jobbe med bygg og anleggsfag dei to timane før veke 43. Deretter kjem byggfag eller at vi besøker dei, det er det beste. Vi har prøvd begge delar og vi har vel landa på at det beste er når vi får gå til dei fordi dei er så nære. Får omvisning, forklaring, ei økt der lærarar og elevar på byggfag forklarar kva dei driv på med og kva veiar som fører vidare og sånn. Og så er tanken at vi går tilbake der vi skal ha ei veke i UDV skal fordøye den nye kunnskapen og studere læreveiane og så får vi besøk av næringslivet og då er det næringsliv som er knytt til ein av læreveiane til byggfag (rådgjevar, Berg).

Denne organiseringa skjedde opp mot fleire lærevegar. Og slik det var organisert såg ein heilskap i tenkinga. På denne måten fekk dei lære grundig kva som vart kravd for å utdanne seg innan denne retninga. Og ikkje minst fekk dei vite om utdanningsvegar og jobbmogleger i lokalsamfunnet.

6.4 Fordelar med eit samarbeid mellom skule og næringsliv

I denne delen vil oppgåva fokusere på kva fordelar og styrker som er i eit samarbeid mellom skule og næringsliv og sett frå ulike perspektiv. Kva vil kome ut av det om ein går inn for å skape eit godt samarbeid for eleven, skulen og bedrifta? Kan det vere auka rekruttering, søknad til linjer eller andre moment som kan vere eit mogleg utfall av eit slikt samarbeid? Kan foreldra vere med å spele ei rolle i dette samarbeidet, og vil dei vere ei viktig støtte når elevane skal velge vidare skulegang?

For bedrifta i Fjell var dei klar på rolla som hjørnestearinsbedrift;

Ja, det trur eg kanskje er litt spesielt for oss kanskje pga. lokalitet og at vi er ei hjørnestearinsbedrift og at vi gjerne vil knyte til oss dei ungdommane som er der ute og få på nysgjerrigheita på det oss drive med. For vi vil no vere avhengig av dei seinare, når dei blir potensielle arbeidstakrar.

Bedrifta i Berg sa omtrent det same;

Det viktigaste eg synest er at skuleelevane veit om bedriftene, veit kva som foregår i nærmiljøet og kva for muligheter det gir for å velge yrke seinare. Det er utruleg viktig for vi var ei ukjent bedrift for tre år sidan lokalt. Det var nesten ingen i lokalmiljøet som som visste kva vi dreiv på med (Bedrift, Berg).

Eit anna moment som han trakk fram var rekruttering, frå å vere ei bedrift som hadde vore restriktiv på å ta inn lærlingar til no å satse på eigne lærlingar;

No fekk vi den første lærlingen for tre år sidan. Dette er ei bedrift som er 100 år gammal, ikkje sant, og no har vi fem lærlingar og vi skal fortsetje det løpet og tenke langsiktig rekruttering. Og det krever at ein vekke interesse blant skuleelevar, allereie i ungdomsskulen (bedrift, Berg).

Rådgjevaren i Fjell sa at det er viktig at ein var offensiv, at ein vise fram at ein har eit samarbeid med næringslivet i lokalsamfunnet;

Bruke facebook – promotere samarbeidet som ein har med bedriftene, vise at vi er på besøk og omvendt. På denne måten kan ein skape goodwill. Kontakte pressa når ein skal ut på bedriftsbesøk, innovasjonscamp vise fra samarbeidet. Viktig å vise seg fram for andre.

Næringsjefen i Fjell ville framheve kva som var viktig i eit samarbeid;

(...) slik at ingen er på ein måte sterkare enn den andre, at vi stille likt og at vi er opne og lyttande og tør å kome med forslag. Det som eg ser på som er viktig overfor næringslivet og klare å samarbeide godt med næringslivet er at vi har ein lik forståelse. Og at vi jobba mot det same målet. Og då seie det seg sjølv at vi ikkje kan vere einig i alt og det skal vi heller ikkje å vere einig i alt. Vi må pushe kvarande om vi skal få utvikling, men vi må finne nokre tema som vi kan einast om og at dette skal vi jobbe saman om å nå og dra i same retning.

Rådgjevaren i Fjord hadde fleire gode samarbeid med ulike bedrifter og ein som var viktig for lokalsamfunnet var ein fiskebåt som ikkje låg så langt frå skulen. Det var viktig for rådgjevar

at dei snakka ein del om det før dei reiste og at rådgjevaren ikkje ville at nokon forlot skulen utan å ha vore ombord i ein fiskebåt.

(...) først møtast dei inne i messa av skipperen og maskinisten og så får dei vite ganske mykje på storskjerm om båten, kor dei er hen og fiskar og korleis livet er ombord. Så er det omvisning i styrhuset der dei får prøve stolen og snakke med skipperen og ned i maskinrommet. Det trur eg dei synest er kjekt uansett om dei er interessert i sjø eller.

Rådgjevaren hadde opplevd ei veldig god søkering på blå linje⁵; «her er det stor søkering til naturbruk blå linje og mange har skjerpa seg i skulesamanheng.» Denne linja hadde 120 søkerarar til 60 plassar og rådgjevaren fortalte vidare at; «det har dreidd veldig søkering til denne linja dei siste åra og det handla litt om gode vanar. Det snakka vi litt med dei om.»

Aktørperspektivet ser på barn og unge som aktørar som vel handlingar ut frå korleis dei oppfattar ulike situasjonar, og dermed ut frå sine hensikter. Dei tek aktivt del i måten dei formar sine liv. Når ein ser dette opp mot det rådgjevaren fortalte, at på grunn av stor søkering til blå linje hadde elevane innsett at dei måtte gjere det bra på skulen for i det heile tatt å kome inn. Dette viste at dei tok ansvar for sine handlingar og gjorde det som ein trengte for å nå målet.

6.5 Formalisering av samarbeid

Korleis eit samarbeid mellom skule og næringsliv er organisert kan vere ein viktig faktor i mange samanhengar. For det første kan det vere ein måte å unngå at ein blir for personavhengig og at ved å gjere faste avtalar kan ein få til at samarbeidet går litt av seg sjølv uansett kven som er rådgjevar eller næringssjef og for det andre at ein kan frigjere tid og ressursar ved at det ein skal gjennomføre ligg i planverk som er ferdig utarbeidd. Skal skulane og næringslivet få eit konstruktivt samarbeid kan dette vere ein faktor som kan gjere det lettare å få til.

Når det gjaldt formalisering av samarbeidet hadde rådgjevaren i Fjord kommune tenkt veldig lenge på at det skulle vore gjort.

⁵ Blå linje – naturbruk, fiske og fangst, vidaregående skule

Slik det er no så har eg gjort avtale i forhold til kva for bedrifter dei skal ha inn, men ingen formelle avtaler enn at eg har på blokka si kvart år kven ein skulle vore innom og så har eg ein avtale med meg sjølv at dette skal gjennomførast. Det har eg følt at eg må ha, viss ikkje så er det lett for at det glipp og at ein finn på andre ting i desse timane. Det blir no litt organisering rundt det, det å få besök av bedrifter og besøke bedrifter (rådgjevar, Fjord).

Rådgjevaren i Fjord sa vidare at;

Det er viktig å understreke og at vi som rådgjevarar og lærarar i dette faget er litt på og at kanskje skulen kan ha ei liste over bedrifter som dei skal samarbeide med og at det gjerne kunne vore formalisert, slik at det ikkje vert så personavhengig.

Bedrifta i Fjell kommune sa at dei ikkje hadde nokon formell eller fast avtale med ungdomsskulen. «På ungdomsskulen så har vi ikkje hatt nokon sånne, men det er vel ein meir uskriven avtale der då. Vi er jo alltid positive når dei tek kontakt, men det er stort sett dei som tek kontakt viss dei har ein elev eller noko dei vil prøve i arbeidslivet.» Dei viste til vidaregåande og utplasseringselevar som dei hadde hatt derifrå og der erfaringa var at dei burde hatt eit rammeverk å halde seg til, men dei sa vidare at;

Det har no ikkje vore noko stort problem med ungdomsskulen då, for der har vi no fått opp prosjekt og vi har brukt TAF-elevar og dei har engasjert seg i det og har hatt satt av tid til det. Så det er no det å få ting til å passe inn i ein travel kvardag (bedrift, Fjell)

Rådgjevaren i Fjell fortalte at han tok kontakt med bedriftene og gjorde avtalar slik at elevane og heile klassar kunne kome på besök og at dette kunne variere frå år til år. Og at det burde vere ei blanding av offentlege og private bedrifter. Det er óg viktig at det var fastsatt i årshjulet for skulen. Slik det var no var det meir dynamisk og vi kan endre kven elevane skal besøke. Dette med offentlege bedrifter trakk óg rådgjevaren i Fjord fram. At det var viktig at elevane óg fekk eit innblikk i kva for offentlege arbeidsplassar som var i lokalmiljøet. Rådgjevaren fortalte at sjukeheimen i lokalsamfunnet ønskte å kome inn i skulen. «Dette var ei av leiarane der og det var heilt tydeleg at dei ønska seg inn i skulen for å informere om kva som finnast og ønska ligg der om lokal arbeidskraft og som ikkje berre kjem og går igjen»

(rådgjevar, Fjord). Og dette handla igjen om lokal arbeidskraft og rekruttering. Den same erfaringa hadde rådgjevaren i Berg kommune at det kunne vere vanskeleg å få med seg det offentlege.

Det har vore ofte det offentlege som har vore det vanskelegaste å få med. Eg var no oppe med dei og talte til dei på kommunehuset og snakka meg inn i forsamlinga. For å få dei til å ta ansvar for å ta inn elevar (rådgjevar, Berg).

Berg kommune hadde som tidlegare nemnt ein formalisert avtale gjennom Bergmodellen og som gjorde at mykje av dei aktivitetane var nedfelt i den avtalen og at ein hadde faste tider og program ein skulle gjennomføre og mykje av kontakta med skule og næringslivet gjekk gjennom næringssjefen som hadde gjort avtalane. Rådgjevaren hadde hatt eit møte i forkant der dei hadde diskutert «Det er sjølvsagt innhaldet, måtar å kome seg dit, jobb og kva utdanning, men også kva som krevs i arbeidslivet, punktlighet, oppmøte, kjønnsroller, ja, det har vore litt ulik bestilling litt etter kven som skulle inn.»

Eg stilte eit oppfølgingsspørsmål til næringssjefen i Berg om han meinte at Bergmodellen hadde hatt effekt på samarbeidet og han trakk fram søkeradsprosenten på yrkesfag; «Det som har vore veldig vellykka når eg seier at det begynner å bli noko resultat av dette her då er at søkeradsprosenten på vår skule har gått voldsomt opp siste to åra, på yrkesfag.» Det same meinte bedrifta i Berg at dei siste par-tre åra hadde dei hatt ein oppgang i antall jobbsøkjrarar og lærlingar. Om det har ein direkte samanheng spurte eg ikkje om, men ein kan kanskje tenke seg til at auka fokus på yrkesfag og det arbeidet dei hadde gjort med Bergmodellen hadde vore ein del av biletet. Han hadde òg eit døme som gjekk på dette;

Ja, og det heng selvfølgelig veldig mykje med eit kjempesamarbeid med han som er lærar på restaurant- og matfag spesielt. Først førebur dei seg, så kjem vidaregåande inn og så kjem næringslivet inn og innimellom desse så skal det vere samtaler, men det han har gjort i tillegg. Han har tilbydd seg å kome ut på skulane og lage til nokre enkle ting som elevane sjølv får vere med på å lage. Dei får vere med på kjøkken, i ein kjøkenfunksjon ilag med han ute på skulen. Det har gitt ein enorm respons. Han har fått bruke skuletimar i ungdomsskulen til det og vist fram og jobba med dei og nokre har han også invitert inn på skulen sjølvsagt. Det har vore ei sånn bevisst prioritering for han å gjere dette ekstra godt og ta igjen elevane og jobbe ilag med dei. Det har

vore, det må ein berre seie, at brukar du tid på det så får du resultat. Han jobbar ikkje som vanleg, han jobba heile tida og gjer ein fantastisk jobb.

På spørsmål om Bergmodellen var personavhengig svarte næringssjefen kort og godt at: «ja det er det. Det er nøkkelen til å lykkast veldig godt.» Det svaret var overraskande fordi ein hadde ei antaking om ein hadde ein formalisert avtale så trengte det ikkje vere personavhengig og at samarbeidet gjekk av seg sjølv.

Rådgjevaren i Fjell meinte at det var hans engasjement i den rolla som rådgjevar som var den viktigaste faktoren på korleis ein kunne avklare forventningar, og gjere avtalar med bedriftene på kva ein skulle samarbeide om. Dette viser igjen til Senge sin første disiplin som handlar om å avklare og utdjupe våre personlege visjonar, konsentrere vår energi, utvikle eit tålmod og sjå verkelegheita på ein objektiv måte (Senge, 1999:16-20). Og i dette tilfellet handla det om korleis enkeltmenneska i prosjektet greide å avklare forventingar og å samarbeide om eit felles mål. Om ein skal få til eit godt samarbeid mellom skule og næringsliv så må det skapast ei heilskapleg tenking. Alt frå individ, visjonar, korleis vi lærer saman, vi greier ikkje å skape noko åleine.

6.6 Relevante og autentiske arbeidsoppgåver

Tidlegare forsking viser til at det er viktig for elevar og lærlingar får relevante og autentiske oppåver, slik som til dømes i Sjaastad (2013), Popperud (2019). Og det som ligg i dei omgropa er at dei skal vere så nært opptil verkelege oppgåver som vert utført på ein arbeidsplass. Det handlar både om meistring og relevans og at ein skal oppleve at det ein gjer er nyttig. Dewey sin teori, *Learning by doing* er mykje brukt i slike tilfeller der elevar får praktiske oppgåver som er relevante. Dette er også noko som fleire har tatt opp gjennom dei seinare åra. Sjaastad (2013) sin rapport om *Næringsliv i skolen* seier at elevane får ikkje nok trening i ferdigheter som er relevante for arbeidslivet og møter òg dermed for få rollemodellar. Og at ved å bruke ein del verkemiddel kan ein få ei kopling opp mot næringslivet som kan bidra til å gje elevane tilgang til manglande datamateriale og utstyr og fagpersonar kan bidra til at elevane får sjå relevansen mellom fag og konkrete formål.

Popperud si masteravhandling fann at elevane som var med i undersøkinga opplevde at relevansen auka med tidsriktig utstyr og nærleik til verksemndene. Dette vart òg underbygd av FAFO-undersøkinga som seier at tilgang til autentiske arbeidsoppgåver er viktig (Høst, 2015:86). Vidare framheva denne rapporten òg at praktiske læringsoppgåver var det som var mest motiverande for elevane og at oppdrag frå lokale aktørar, anten utført på skulen eller ute i verksemda gjorde mykje for den faglege interessa, men at det aller største var utplasseringa i verksemda. Dette viste at god og jamnleg tilgang på autentiske arbeidsoppgåver var avgjerande for samarbeid mellom skule og næringsliv. Dette kan òg koplast opp mot innovasjonscamp som Ungt Entreprenørskap driv i samarbeid med skulane og bedriftene.

Bedrifta i Fjell fortalte at å gje elevane relevante oppgåver var ei utfordring;

Det er no i kjempeutfordring. Å gi dei relevante oppgåver. Det blir no gjerne til at dei sitt og lagar ledningsstumper og løse og knipe nittar og sånn ting, små elektroarbeid, for det er no slik du får ein følelse av kva du driver med då. Men også prøve å sette dei sånn at dei ser kva bedrifta driv med sånn over eit stort areal. Det er ulike prosessar i ulike rom og sånn då.

Når det gjaldt bedrifta i Berg fortalte dei at dei ikkje har elevar utplasserte i bedrift, berre lærlingar og at dei prøvar å gje dei relevante oppgåver; «dei som har gode evne, dei får jobbe med veldig mykje, men dei som ikkje er så flinke, det er veldig fristande å setje dei på noko enkelt slik at ein slepp å tenke på dei då.»

Rådgjevaren i Fjell sa om oppgåvene til innovasjonscampen; «det må vere verkelege oppgåver og ein må kanskje legge føringar for kva oppgåvene skal innehalde. Det er viktig at oppdraga blir forstått av dei som skal arbeide med dei.» I slike tilfeller så kvalitetsikra rådgjevar oppgåvene før dei vart delt ut slik at ein skulle sikre seg at elevane forstod det. Og dette at elevane skal forstå oppgåvene var viktig for motivasjon og gjennomføring av innovasjonscamp.

6.7 Kultur for læring

Det tek tid å endre ein kultur, om den er i skulen, i bedrifta eller i kommunen. Når ein skal skape eit samarbeid mellom skule og næringsliv er det fleire omsyn ein må ta. Bedriftene kan

til tider vere pressa på tid mange av dei opererer i ein konkurranseutsatt marknad. For skulen skal elevane gjennom eit visst pensum og kan ha tidsnød og kommunen ser kanskje ikkje at eit slikt samarbeid er viktig og noko ein treng å forankre. Det manglar ressursar for å setje dei gode ideane ut i livet. Senge sin fjerde disiplin handlar om at; kan ikkje teamet lære, kan ikkje organisasjonen lære. Og heile systemtenkinga er viktig fordi dei har å gjere med korleis vi tenkjer, kva vi ønskjer, korleis vi samhandlar og lærer, både av og med kvarandre og til dette så krev det ei overordna systemtenking, som er den femte disiplinen (Senge, 1999:16-20). For bedrifta i Berg så har dei etterkvart endra ein kultur fordi dei har sett at det har vore nødvendig om dei skal ha nok rekruttering på sikt og fleire med dei nemner at det er viktig med lokal tilknyting i dei bedriftene som er i lokalmiljøet.

Det var litt motstand mot det blant arbeidsleiarane, det er no dei som stort sett får byrda med lærlingane, men dei ansatte på golvet synest det er veldig positivt og arbeidsleiarane etterkvart. Det har vist seg, vi får inn dyktige folk etterkvart, men det tek no eit par – tre år før ein ser resultat av det. Ein ser no at kulturen har endra seg og at ein ser nødvendigheita av å ha, lære opp ungdommar frå bunnen av. Vi kan ikkje vere basert på at vi skal leige inn folk heile tida (bedrift, Berg).

Senge (1996) sin tredje disiplin om mentale modellar som er dei førestillingane, antakingane eller til og med biletane som er med å påverke korleis vi skal forstå verda, eller korleis vi handlar. Utifrå slike mentale modellar kan ein kome i fare å gjere seg opp ei meining om noko eller nokon som seinare viser seg ikkje å stemme. Dette var nok ein del av biletane i bedrifta i Berg der ein tidlegare hadde basert seg på innleige av arbeidskraft fordi dei alltid hadde gjort det og til no der dei hadde endra ein kultur til å satse meir på eigne lærlingar.

Vallautvalet kom med ei utredning (NOU 1996:22) om *Lærarutdanninga*. Den presiserte at lærarutdanninga måtte ta vare på det «bestandige» i læraryrket samt å utvikle ei endringskompetanse mellom studentane med tanke på nye utfordringar dei seinare vil stå overfor. Dette meinte utvalet ville føre til at elevane òg ville bli betre kjent med næringsliv, private og offentlege tenester i lokalmiljøet og si eiga kommune. Og ikkje minst at elevane skulle få erfaring frå besøk eller praksis i lokalt arbeidsliv (Ødegård, 2013:141). Dette handlar mykje om kor villeg lærarane er til å legge til rette for at elevane skal kunne få eit innblikk i kva for moglegheiter som er av arbeidsplasser i lokalsamfunnet.

Bedrifta i Fjell fortalte at medarbeidarane var motivert til å ha elevar der og at dei ikkje hadde fått negative tilbakemeldingar. Dei hadde ikkje satt av eigne ressursar til dette, men at dei prøvde å dele arbeidet; «det er no denne utfordringa med relevante oppgåver til dei, difor har vi no prøvd å dele litt på det og spreidd det litt utover slik at ein person ikkje skal sitte med alt og alle skulelevane på ein måte.»

I alt endringsarbeid var det viktig at ein fekk med seg alle og det kan bli for mange aktivitetar slik som i skulen i Berg. Der vart det konkurranse mellom innovasjonscamp og Melodi Grand Prix og når dei hadde prøvd det i eit par år så kom covid-19 og utsatte all aktivitet opp mot næringslivet. Håpet er vel at ein kan ta det opp igjen når ein får revidert Bergmodellen.

Rådgjevaren i Fjell fortalte at ved skulen var det ein utviklingsretta kultur, men at det kunne variere. «Det kan vere nye måtar å gjere ting på.» Han presiserte vidare at; «Viktig at kontaktlærar kan kome med forslag og at leiinga er flink til å setje av tid til evaluering av prosjekta.» Dette handla om eigarskap til det ein skal gjennomføre og korleis ein kan lære.

Agyris (1976) definerer læring som «oppdagelsen og korrigeringen av feil» og feil som en «egenskap hos menneskers kunnskap som gjør at man handler ineffektivt». Dette handlar om at den kunnskapen vi omset til handling ikkje alltid er optimal og at ein må reflektere og kunne korrigere feil undervegs og det er her læring skjer. Dette perspektivet er viktig når ein skal sjå det opp mot samarbeid mellom skulen og næringslivet. Ein må tote å endre kulturen slik mellom anna bedrifta i Berg gjorde det når dei begynte satsinga på eigne lærlingar istaden for å leige inn ekstern arbeidskraft.

6.8 Utfordringar

I alle samarbeid kan det vere større eller mindre utfordringar, men spørsmålet er om utfordringane ikkje er større enn at ein kan gjere noko med dei eller om det er så store at ein av og til kan tenke at det ikkje nyttar å skape eit samarbeid med næringslivet. I dette delkapittelet vil oppgåva gå nærmare inn på kva utfordringar dei framheva frå dei ulike perspektiva.

Det som vart framheva frå næringssjefen i Berg kommune er at når dei skal til å evaluere plana er ei av utfordringane;

Utfordringa ligg no i det å justere for mykje. Skulen har sine stramme rammer i forhold til timetal og ressursmuligheter på den sida og så har ein næringslivet på den andre sida som eigentleg ønskjer dette her, men har veldig dårlig tida heile tida. Det var no derfor vi gjorde dette her. Vi ønskte ikkje å flytte alle elevane ut i bedriftene, men bedriftene kjem inn i staden. Det gjer at dei veit meir konkret den tida dei må sette av og kor lenge og kor mykje (næringssjef, Berg).

For bedrifa i Berg kommune var ei av utfordringane mangel på tid og ressursar og at dei hadde vore i ein ekstremt stressa situasjon. «Det har ikkje vore overskot til å få folk til å drive eit sånt arbeid, ikkje har vi personalsjef eller noko som helst. (...) dette er noko vi må ta i tillegg til det vi gjer dagleg.» Dette var òg noko som bedrifa i Fjell kjente seg igjen i; «vi skal no ha tida til det, det er no det første, så det har vore sånn at vi har måtte utsatt litt Lektor2 til vi har hatt kapasitet til å få det gjort.» Vidare sa dei at skulen hadde stor forståing for dette når det gjaldt levering og at det samarbeidet fungerte bra og at rådgjevaren forstod det.

Vidare trakk rådgjevaren i Fjell fram kommunikasjon og forventingsavklaring mellom skulen og bedrifa. «Det er veldig viktig med god kommunikasjon mellom skulen og bedrifa. At ein veit kven som kjem, og korleis ein skal prate til elevane slik at ein ikkje pratar over hovudet på dei.» Når det var sagt var det fleire bedrifter som brukte lærlingar og TAF-elevar til å kome og prate med ungdommane fordi at dei snakka ungdommen sitt språk.

Ei anna utfordring som alle rådgjevarane trakk fram er reiseveg og at det var viktig at det var gangavstand til dei bedriftene ein skulle besøke. Dette handla om ressursar, tid og pengar. Og som rådgjevaren i Fjord fortalte;

Men det eg trur det er det viktigaste elementet til å få til eit samarbeid er nærhet i fysisk rom. Det ser eg at dei bedriftene som vi greier å samarbeide best med er dei bedriftene eg slepp å sette elevar i ein bil å køyre dei eller buss, at eg får kostnadars på transport i tillegg (rådgjevar, Fjord).

Medan næringssjefen i Fjell kommune sa at det ikkje burde vere noko problem å få enkelte bedrifter til å sponse transport, mange bedrifter hadde eigne bussar dei kunne bruke, men det gjaldt langt frå alle som hadde den moglegheitene.

Ei anna utfordring var når det skjedde veldig mykje og det var fleire skular som hadde tilgang til dei same bedriftene. Rådgjevaren i Berg sa det slik; «eg ser at totalbelastinga for næringslivet i perioder blir mykje fordi det skal vere arbeidsveke, innovasjonscamp. Så sjølv om ein har ein formell avtale så må ein av og til køyre litt slalom for å få det til.»

Det same framheva næringssjefen i Fjell at det kan vere ei utfordring når det var mange om dei same bedriftene;

Er at det blir så mange fleire skular slik at du må finne ei bedrift. Ei bedrift kan ikkje vere på 20 skular. Så ein må fordele det litt og finne ut kven som skal ha det, men du kan ha bedriftene på rundgang, slik at viss du får ein avtale med bedriftene der dei låse seg for fem år eller tre år. Og at i år så er dei på den skulen og det andre på ein anna skule og det tredje på ein tredje skule, det går jo an (næringssjef, Fjell).

Næringssjefen la óg til at det kanskje det raskaste var å få det til i dei mindre lokalsamfunna.

Når eg spurte rådgjevaren i Fjell sa han;

Det kan vere enklare på mindre plassar å få oversikt og halde oversikt. Og ein rådgjevar som er aktiv på mange ulike områder har lettare for å knyte gode nettverk. Det er meir oversikteleg i små lokalsamfunn og terskelen for å ta ein prat er kanskje mindre. Det kan også hende at det blir for personavhengig, at det blir for sårbart (rådgjevar, Fjell).

Rådgjevaren i Berg nemnte fleire utfordringar som dei hadde; for det første tok Bergmodellen som dei har arbeidd fram, berre fram yrkesfaga. «Utfordringa blir då at lærarane i utdanningsfaget tek ansvaret for dei retningane som ikkje er representerte.» Ei anna utfordring var at; «Her på huset kjenner eg veldig som rådgjevar dette fagtrykket og lærarane sitt stress med å kome gjennom det dei skal, verne sine timer og ha eit veldig fagfokus.» Det blir óg trekt fram at når ein har eit stort kollegie kan det vere eit utfordring å få til «ei felles tenking og ein felles aksjon.» Dette kunne løysast tildels ved at samarbeidet var forankra i leiinga ved skulen og at dei viste at slik skulle det vere. Dette viser at Senge sin andre disiplin å skape felles visjonar er viktig. For å skape ein «skule for alle» som skal ha ei overordna målsetting

så er det viktig å skape ein felles identitet og ei kjensle av at dette gjer vi ilag og mot eit felles mål.

6.9 Vegen vidare

Det siste spørsmålet eg stilte var om dei hadde nokre råd og tips til å styrke eit samarbeid mellom skule og næringsliv.

Bedrifta i Fjell var tydeleg at dei ville halde fram med bedriftsbesøk og vere med å støtte lokale initiativ, men det kom óg fram følgjande;

Eg har no ikkje tenkt så mykje på det, men det blir no litt høgtenking når vi er inne på temaet. Det som eg av og til saknar. Det er no fleire bedrifter på slike tettstader og alle driv no med sitt. Og vi har no ikkje noko fora der vi møter dei andre bedriftene ilag med ungdomsskulen. Ein form for dag der bedriftene møtte med nokre representantar og så møtte skulen (bedrift, Fjell).

Dei same tankane var rådgjevaren i Berg óg innom; «Eg skulle ønskje at eg som rådgjevar vart invitert inn i ein del fora, at dei brukte oss meir.»

For bedrifta i Berg var innovasjonscamp veldig spanande og bra tiltak og bedriftbesøk var noko dei ville halde fram med for dei meinte det var viktig at elevane fekk eit innblikk i kva som fantes av moglegheiter i lokalsamfunnet.

No har vi brukt alle kanalar for å gjere oss betre kjent rundt omkring, orientere skulane, halde foredrag og vi har også trykt på litt for å kome i media av og til. Vise oss at folk veit om oss. Dette arbeidet har eg faktisk sett resultat av allereie at vi får mykje fleire søkerar både på lærlingepllassar og jobbsøkerar (bedrift, Berg)

Rådgjevaren i Fjord var tydelega på at foreldra hadde den største påverknaden på elevane og dei påverkar kanskje meir enn dei var klar over.

(...) og fortel dei litt om kva vi [elevane] snakkar om, må informere foreldra om kva for muligheter som ligg her. For det er heilt tydeleg at det ikkje er alle som er heilt klar over muligkeitane på yrkesfaga, at du kan bygge vidare (rådgjevar, Fjord).

Næringsjefen i Berg trakk òg fram foreldra som ein viktig ressurs for dei vala som elevane tek.

Dette samsvarte med studien *Kultur for samarbeid* (2018) der ein fann at som medlemmar i eit samfunnsfellesskap var det meir utfordrande å oppdage og vere bevisst langtidsperspektiv og framtidsønskjer og der det vart utfordra og påverka gjennom familie- og vennenettverk (Roth, 2015 i Eide & Lauritzen, 2018:13). Studien viste vidare til at utdanning var ei kraft som ein måtte ta med når ein snakkar om ei progressiv framtid. For å få til dette kan skulen i samarbeid med heimane arbeide meir med å kartlegge interesser, kulturell praksis og kva for forventingar ein har til utdanning (Eide & Lauritzen, 2018:14).

7. Oppsummering

I denne oppgåva har det vorte tatt fram ein del perspektiv og faktorar som kan vere med å bidra til å svare ut problemstillinga «*Korleis arbeider grunnskulane med å få eit konstruktivt samarbeid med næringslivet i lokalsamfunna sine?*» Oppgåva har fokusert på dette frå fleire ulike perspektiv og vinklar for å finne ut kva som er avgjerande for eit slikt samarbeid og om ein kan få til samarbeid uansett kva faktorar som spelar inn. Den første faktoren som vart trekt fram var forankring, det var eintydig frå nesten alle informantane. Forankringa burde skje heilt frå kommunaleiing og at det var dei som skulle initiere at eit slikt samarbeid var viktig for alle. Deretter var det at leiinga ved skulen måtte gå føre og vise at dette var viktig for skulen og at det skulle vere eit felles prosjekt der alle skulle delta. Rådgjevaren i Berg var tydeleg på dette at det var viktig at leiinga ved skulen tok til orde for dette samarbeidet.

Lokalsamfunn og nettverk spelte ei viktig rolle når det kom til gjennomføring av ulike program. Har skulen og rådgjevarene eit godt nettverk kan eit slikt samarbeid gå veldig greitt og det er ikkje sikkert at ein er avhengig av faste avtalar, men igjen kan dette vere så personavhengig at det blir sårbart om den personen skiftar jobb. Det som viste seg var at det var enklare å inngå eit samarbeid på mindre stader der det var meir oversikteleg og der ein kjente kvarandre og hadde bygd opp eit nettverk. Næringslivssjefen i Fjell kommune hadde

óg forslag til korleis ein kunne gjennomføre på større stader og der det var mange klasser som skulle høyre til dei same bedriftene, men at det kunne vere ei utfordring når mange elevar skulle til få bedrifter.

Organisering av samarbeid vart utført på ulike måtar som til dømes Ungt Entreprenørskap sine program og der innovasjonscamp var eit av dei viktigaste møteplassane mellom bedrift og næringsliv. Arbeidslivsfaget som eg først trudde skulle vere eit godt fag til å samarbeide med næringslivet om, viste seg at det faget hadde like mange organiseringar som det var skular og det igjen viser til undersøkinga til Bakken, Dæhlen, & Smette (2013) der det vart trekt fram at mykje var avhengig av korleis den enkelte skule organiserer faget, og ikkje minst kva for lærarkrefter ein har. Skulen i Berg hadde eit samarbeid som gjekk opp mot bedrifter i lokalmiljøet, men hadde lagt stille det siste året pga. covid-19.

Når det kom til fordelar og styrker ved eit samarbeid trakk næringssjefen i Fjell fram det å ha det same målet og kunne dra nytte av kvarandre i eit samarbeid. For bedriftene var det rekruttering som var det viktigste og at ein kunne få tak i lokal arbeidskraft. Rådgjevaren i Fjord hadde eit godt døme der eit opplegg med eit fiskebåt hadde ført til stor søkering på blå linje og at det igjen førte til at elevane måtte sjå annleis på skullearbeid. Gjennom aktørperspektivet kunne dei påverke dette sjølv til ei viss grad ved å ta val som gjorde at moglegheitene vart større til å kome seg inn.

Formalisering var eit anna tema som oppgåva tok opp og ein ville sjå om dette var viktig for å få til eit samarbeid mellom skule og næringsliv. Det kom fram at det var ulike måtar å løyse dette på. For skulen i Berg vart dette løyst gjennom ein formalisert avtale mellom kommune, næringsliv og skular og gjekk i hovudsak på Ungt Entreprenørskap sine program.

Rådgjevaren i Fjell meinte at ei meir dynamisk løysing var betre, men at det kanskje burde vore meir formalisert slik at det ikkje vart så personavhengig, det same meinte rådgjevaren i Fjord. Næringssjefen i Berg meinte likevel at ein formalisert avtale likevel ikkje var det einaste rette fordi ein var avhengig av eldsjeler og dei som brann for dette samarbeidet, men igjen hadde både næringssjefen og bedrifta i Berg kommune opplevd stor søkering på lærlingeplasser og på enkelte linjer som kanskje Bergmodellen kunne vere ei årsak til fordi det var ei gjennomgåande tenking på gjennomføring.

Relevante og autentiske oppgåver var eit tema som viste seg å vere ei skikkeleg utfordring for bedriftene. I ein travle og hektisk kvardag for bedriftene kunne nok dette kome i andre rekke, men at dei gjerne ville ha besøk av elevar var dei einig om. Bedrifta i Fjell prøvde å lage til små arbeidsoppgåver som dei kan gjere, men utfordringa er tid og ressursar. Den andre bedrifta hadde tatt inn lærlingar og hadde ulike erfaring med det. Det var også viktig at oppgåvene til innovasjonscamp var motiverande og at elevane forstod dei oppdragene dei skulle løyse. Det handlar både om meistring og relevans og at ein skal oppleve at det ein gjer er nyttig. Dewey sin teori, *Learning by doing* er mykje brukt i slike tilfeller der elevar får praktiske oppgåver som er relevante. I Popperud si masteravhandling fann han at elevane som var med i undersøkinga opplevde også at relevansen auka med tidsriktig utstyr og nærleik til verksemndene. Dette vart også underbygd av FAFO-undersøkinga som seier at tilgang til autentiske arbeidsoppgåver er viktig. (Høst, 2015:86).

Når det kom til temaet om det var kultur for endring og læring i organisasjonane vi hadde undersøkt, kan ein vel seie at for bedrifta i Berg hadde det vore ei viktig læring i det å kunne rekruttere lærlingar ved å endre ein måte å tenke på. Covid-19 har endra mange arbeidsplasser og ein har opplevd at ein må tenke annleis. Argyris (1976) definerte læring som «oppdagelsen og korrigeringen av feil» og feil som en «egenskap hos menneskers kunnskap som gjør at man handler ineffektivt». Dette handla om at den kunnskapen vi omset til handling ikkje alltid er optimal og at ein må reflektere og kunne korrigere feil underveis og det er her læring skjer. Systemtenkinga til Senge (1996) er også viktig i dette biletet. Alle må lære, frå individ, til gruppe, visjonar, mentale modellar og til å sjå heilskapen. For skulane er det mykje som kjempar om oppmerksomheita og ein kan oppleve å kome i skvis mellom mange ulike ting ein ønskjer å gjennomføre.

Utfordringar såg dei ein del av, men likevel er ikkje dei så store at ein ikkje kan gjere ting annleis for å løyse ein del av dei. Dei aller fleste av informantane trekte fram mangel på tid og ressursar som ei stor utfordring. Skulane ved at dei skulle gjennom eit visst pensum og hektiske tider for bedriftene, det var vanskeleg somme gonger, men dei fann ei løysing stort sett. Rådgjevaren i Fjell tok fram at det var viktig med forventingsavklaring og god kommunikasjon slik at ein visste kven som kom og snakka med elevane og at dei ikkje prata over hovudet på dei. Reiseveg og stor belasting for enkelte bedrifter når det vart mange elevar var eit anna moment som rådgjevarane trakk fram. Det beste samarbeidet var når bedriftene låg i gangavstand til skulen og at ein slapp å bruke transportmidlar og den kostnaden når dei

skulle på bedriftbesøk. Det trengte ikkje vere eit problem meinte næringssjefen i Fjell, det var mange bedrifter som både kunne sponse skyss og hadde eigne bussar. Det blir òg trekt fram at når ein er eit stort kollegie kan det vere eit utfordring å få til «ei felles tenking og ein felles aksjon.» Dette kan løysast tildels ved at samarbeidet er forankra i leiinga ved skulen og at dei viser at slik skal det vere.

Dette viser at Senge (1996) sin andre disiplin å skape felles visjonar er viktig. For å skape ein «skule for alle» som skal ha ei overordna målsetting så er det viktig å skape ein felles identitet og ei kjensle av at dette gjer vi ilag og mot eit felles mål.

Kva skal til for å styrke eit samarbeid - kvar går vegen vidare frå her? Det som var interessant her var den tanken som bedrifta i Fjell trakk fram og som rådgjevaren i Berg ønskte å vere ein del av. At ein kunne ha ein felles samarbeidsarena der både bedriftene og skulane kunne møtast. Denne tanken bør ikkje vere umogleg å setje ut i livet. Her må ein skape ein god dialog og vere ute i god tid slik at både skular og bedrifter kan planlegge og legge det inn i sine arbeidsplaner. Bedriftene ville halde fram med bedriftsbesøk og innovasjonscamp og næringssjefen i Berg trakk òg fram foreldra som ein viktig del av framtida til elevane. Dei er med i stor grad å påverke kva linje elevane skal velge og difor er det viktig at ein kjem ut med informasjon til foreldra óg, og har eit godt samarbeid med dei.

Denne undersøkinga har avdekt faktorar som kan bygge oppunder eit konstruktivt samarbeid mellom grunnskule og næringsliv. Det meste er mogleg, men ein treng forankring frå kommune- og skuleleiing og ikkje minst at dei som skal gjennomføre dette kan føle eit visst eigarskap til samarbeidet, vise at det er nyttig. Det viser seg at formalisering er mindre viktig, og at det uansett er personavhengig. Eit slikt samarbeid er avhengig av at nokon brenn for dette, ei eldsjel som ser at det gjev stor nytte i eit slikt samarbeid, men samstundes vil dette vere sårbart om ein person sluttar i stillinga.

Oppgåva har vist at det er fordelar ved å skape eit godt samarbeid mellom grunnskule og næringsliv i lokalsamfunna. Kommunen kan ved å inngå ein avtale, vere ein å bidra til å løfte opp arbeidsplasser i offentleg sektor om dei ønskjer det slik som næringslivet har erfart. Om ein kan vere med som samarbeidspartner kan ein vere med å auke rekrutteringa innan ulike felt der ein ser at det trengs. For lokalsamfunnet kan ei slik satsing gje positive ringverknader fordi elevane som høyrer til der får sjå og erfare kva for mogleigheter som ligg i arbeidsplasser på heimstaden og på den måten få ungdommen til å kome tilbake etter endt

utdanning. For skulane kan eit samarbeid med næringslivet vere med å skape ein annleis arena for elevane og på den måten skape ein motivasjon og lyst til å lære.

8. Kjeldeliste

- Bakken, A., Dæhlen, M., & Smette, I. (2013). *Forsøk med arbeidslivsfag på ungdomstrinnet. Sluttrapport fra en følgeevaluering*. Oslo: NOVA. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. Nr. 11/13.
- Borgen, J. S., & Lødding, B. (2009). *Implementering av faget utdanningsvalg på ungdomstrinnet. Evaluering av Kunnskapsløftet*. Oslo: Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning. NIFU STEP.
- Bourdieu, P. (1986). The forms of capital. I J. (. Richardson (Red.), *Handbook of Theory of Research for the Sociology of Education* (ss. 241-258). New York: Greenwood Press.
- Bukve, O. (2012). *Lokal og regional styring. Eit institusjonelt perspektiv*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare, forandre. Om design av samfunnsvitskaplege forskningprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Carlsten, T. C., Rørstad, K., Børting, P., & Solberg, E. (2014). *NHO`s Kompetansebarometer: Temanotat nr. 4/2014. Behov for klarere prioriteringer i samarbeid skole-næringsliv*. Oslo: NIFU. Nordisk Institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.
- Dyb, H. (2012, Februar 23). *Forskning.no*. Hentet fra Populært arbeidslivsfag: <https://forskning.no/partner-skole-og-utdanning-nova/populaert-arbeidslivsfag/722757>
- Eide, T. H., & Lauritzen, T. (2018). *Kultur for samarbeid. Helhetlig tilnærming til samarbeid mellom hjem - skole - næringsliv*. Lillehammer: Østlandsforsking.
- Eriksson-Zetterquist, U., Kalling, T., Styhre, A., & Woll, K. (2014). *Organisasjonsteori*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Ertesvåg, S. K. (2012). *Leiing av endringsarbeid i skulen*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- FN-Sambandet. (2021, Januar 8). Hentet fra United Nations Association of Norway: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Høst, H. (2015, Mai). *NIFU*. Hentet fra NIFU. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning: <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/284140/NIFUrapport2015-14.pdf?sequence=4&isAllowed=y>
- Jakobsen, S.-E., & Normann, R. H. (2013). Regional innovasjonspolitikk i spenningen mellom nasjonale føringer og regionale strategier. I B. Abelsen, A. Isaksen, & S.-E. Jakobsen, *innovasjon - organisasjon, region, politikk* (ss. 225-243). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utgave. utg.). Oslo: Abstrakt Forlag AS.

- Johannisson, B., & Madsen, T. (1997). *I Entreprenörskaps tecken*. Stockholm: Fritzes.
- Johansen, V., & Eide, T. H. (2006). *Entreprenørskapsopplæring i skolen Hovedkonklusjoner fra 3-års følgeforskning av Ungt Entreprenørskaps program: "Program for nyskapning og entreprenørskap i opplæring og utdanning i Norge" (2001-2005)*. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Kirkhaug, R. (2017). *Endring, organisasjonsutvikling og læring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Krogh, T. (2014). *Hermeneutikk. Om å forstå og fortolke* (2. utgave. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kunnskapsdepartementet. (2009, Juni 12). *St.meld. 44 (2008-2009) Utdanningslinja*. Henta fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-44-2008-2009-/id565231/?ch=1>
- Kunnskapsdepartementet. (2009, Februar 6). *St.meld.11 (2008-2009) Læreren Rollen og utdanningen*. Henta fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-11-2008-2009-/id544920/?ch=1>
- Kunnskapsdepartementet. (2011, April 29). *St.meld.22 (2010-2011) Motivasjon-Mestring-Muligheter. Ungdomstrinnet*. Henta fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-22-2010--2011/id641251/?ch=1>
- Kunnskapsdepartementet. (2016, April 15). *St.meld.28 (2015-2016) Fag-Fordypning-Forståelse En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Henta fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/>
- Kunnskapsdepartementet. (2017, Mars 24). *St.meld. 22 (2016-2017) Lærelyst - tidlig innsats og kvalitet i skolen*. Henta fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-21-20162017/id2544344/>
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Strategi for fagfornyelsen av Kunnskapsløftet og Kunnskapsløftet samisk*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. (2019, November 8). *St.meld.6 (2019-2020) Tett på - Tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Henta fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>
- Kunnskapsdepartementet. (2020, April 12). *Regjeringen.no*. Henta fra St.meld.nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-030-2003-2004-/id404433/>
- Kunnskapsdepartementet. (2020, April 22). *St.Meld. 14 (2019-2020) Kompetansereformen Lære hele livet*. Henta fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20192020/id2698284/?ch=1>
- Kunnskapsdepartementet;Nærings- og handelsdepartementet;Kommunal- og regionaldepartementet. (2021, April 7). *Se mulighetene og gjør noe med dem! - strategi for entreprenørskap i utdanningen 2004-2008*. Henta fra Regjeringen.no:

- https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/strategiplaner/75561_entreprenorskap_strategi.pdf
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Latour, B. (1996). On actor-network theory: A few clarifications. *Soziale Welt*, 47(4), 369-381. Henta mars 8., 2021, from <http://www.jstor.org/stable/40878163>
- Lovdata. (1998, Juli 17). *Lovdata*. Henta fra Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa(opplæringslova): https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11
- Lovdata. (1998, November 27). *Opplæringslova*. Henta fra Opplæringslova: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_1#%C2%A71-3
- Naturfagsenteret. (2021, April 7). *Lektor2*. Henta fra Naturfagsenteret.no: <https://www.lektor2.no/c1336836/index.html?tid=1336857>
- Nesse, J. G., Årethun, T., & Håvold, J. I. (2016). Entreprenørskapslyst blant unge i rurale områder. Regionale skilnader og endring over tid. I M. Kvargasnes, J. I. Håvold, & Ø. Helgesen, *Innovasjon og entreprenørskap. Fjordantologien 2015*. (ss. 102-127). Oslo: Universitetsforlaget.
- Norges forskningsråd. (2005). *Sosial kapital*. Oslo: Norges forskningsråd.
- NSD - Norsk senter for forskningsdata. (u.d.). NSD. Henta Februar 1, 2021 fra <https://www.nsd.no/om-nsd-norsk-senter-for-forskningsdata/>
- Popperud, V. (2019). *Samarbeid skole-bedrift. Relevant og meningsfull opplæring for en industriteknologiklasse*. Oslo: OsloMet - storbyuniversitetet.
- Putnam, R. (2000). *Bowling Alone: The Collapse and Revival of American Community*. New York: Simon & Schuster.
- Quaglia, R. J. (2017). *Rektors stemme - Lytte, lære og lede*. Oslo: Cappelen Damm.
- Robinson, V. (2014). *Elevsentrert skoleledelse*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Schiefloe, P. M. (1992). Sosiale nettverk. I L. Fyrand (Red.), *Perspektiver på sosialt nettverk* (ss. 17-47). Oslo: Universitetsforlaget.
- Senge, P. M. (1999). *Den femte disciplin: den lærende organisations teori og praksis*. Århus: Klim.
- Sjaastad, J. (2013). *Næringsliv i skolen. Erfaringar med partnerskapsavtaler mellom skoler og bedrifter og synspunkter på organiseringen av prosjektet*. Oslo: NIFU. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.
- Stray, J. H. (2018, September). Skolens samfunnsmandat. *Bedre skole. Tidsskrift for lærere og skoleledere.*, 30(3), ss. 13-17.

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode.* (4.utgave. utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Ungt Entreprenørskap. (2021, Januar 20). *Ungt Entreprenørskap.* Henta frå Ungt Entreprenørskap: <https://www.ue.no/>

Utdanningsdirektoratet. (2007). *Utdanningsspeilet. Analyse av grunnskole og videregående opplæring i Norge.* Oslo: Utdanningsdirektoratet. Henta frå Utdanningsdirektoratet.

Ødegård, I. K. (2013). *Læreprosesser i pedagogisk entreprenørskap. Å lære i dilemma og kaos.* Kristiansand S: Høyskoleforlaget AS.

Vedlegg nr. 1

Samtykkeskjema

Vil du delta i forskningsprosjektet «Samarbeid mellom grunnskule- næringsliv»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskningsprosjekt hvor formålet er å kartlegge samarbeid mellom grunnskule og næringsliv og korleis det blir arbeidd med dette. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

Formål

Eg skal skrive ei masteroppgåve 30 stp. om temaet samarbeid mellom grunnskule og næringsliv og der eg vil sjå nærmere på korleis det blir arbeidd med dette ute i skulane og i verksemndene, og finne ut korleis ein kan få til varige samarbeid. Spelar lokalmiljøet ei rolle? Arbeidslivsfaget? Ungt Entrenørskap? Kva faktorar er med å påverke samarbeidet?

Eg arbeider med det same temaet og ønskjer å bruke det eg finn til å vidareføre det arbeidet eg har satt i gang ved eigen skule.

Kven er ansvarleg for forskningsprosjektet?

Høgskulen i Volda er ansvarlig for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Eg skal forske på to-tre ulike lokalsamfunn der ein først har kartlagt om skulane tilbyr arbeidslivsfag og Ungt Entreprenørskap. Eg vil intervjuer næringskjef i dei aktuelle kommunane ang. Næringsstrategi på eit overordna plan. Bedriftsleiarar, lærarar/rådgjevarar får spørsmål som er knytt opp organisering, samarbeid, arbeidslivsfag, Ungt Entreprenørskap, lokalmiljø, men sett ifrå ulike perspektiv.

Kva vil det innebere for deg å delta?

- Om du vel å vere med så vil det bli gjennomført som intervju, korleis det skal gå føre seg er litt usikker med tanke på covid-19, men telefonintervju er i noverande situasjon det sikraste, eventuelt via Teams/Skype, men om ein har moglegheit til eit fysisk intervju så hadde det vore det beste og då sjølv sagt under gjeldande smittevernreglar. Svara blir registrert som notatar og lydopptak. Dette vil bli avtalt med kvar enkelt.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgje nokon grunn. Alle dine personopplysningars vil då bli sletta. Det vil ikkje ha noko negative konsekvenser for deg hvis du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarar og bruker dine opplysningar

Vi vil berre bruke opplysningane om dykk til dei formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Opplysningane vil berre student og rettleiar ha tilgang til.
- Opplysningar om informantar vil bli anonymisert ved publisering

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskningsprosjektet?

Opplysningene anonymiserast når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er 26.06.2021. Då vil lydopptak og notatar bli sletta.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva for personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandler opplysningar om deg basert på det samtykke du gir.

På oppdrag fra Høgskulen i Volda har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til studien, eller ønskjer å nytte deg av din rett, ta kontakt med:

- Høgskulen i Volda ved Bjarte Folkestad
- Vårt personvernombud: personvernombod@hivolda.no
- Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med beste helsing

Bjarte Folkestad

(Forskar/rettleiar)

Unni N. Krogsgård

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet **Samarbeid skule - næringsliv**, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg gir samtykke til at opplysningane mine vert behandla fram til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg nr. 2

Intervjuguide – næringssjef

Kommunen/ næringssjef

1. Korleis vil du skildre kommunen?
2. Korleis arbeider kommunen med næringsstrategi? Kvifor/kvifor ikkje?
3. Skildrar plana samarbeid mellom næringsliv og grunnskulane?
 - a) Evt. På kva måte?
4. Kva tenker du er viktig i eit slikt samarbeid?
5. Korleis kan kommunen/næringskontoret legge til rette for at fleire grunnskular skal kunne ha eit samarbeid med næringslivet? Er det ønskjeleg? Kvifor/kvifor ikkje, slik du ser det?
6. Har du nokon tips eller råd til å vidareutvikle eit slikt samarbeid?
7. Er det viktig etter di meining at eit slikt samarbeid er forankra i kommunen?

Vedlegg nr. 3

Intervjuguide – næringslivet/bedrifa

Om bedrifa

1. Kan du fortelle kort om din jobb? Korleis arbeider de, kva arbeider de med?
2. Storleik på bedrifa?

Organisering av samarbeidet med skule

3. Fortel om kontakta til bedrifa med skulane? Kven har du kontakt med ved skulane?
4. Kan du fortelle korleis dette er organisert? Formelle avtaler? Partnerskapsavtalar? Anna? Har samarbeidet vart lenge? Korleis kom det i stand?
5. Kva er etter di meining det viktigaste med eit samarbeid mellom skulen og næringslivet? Når meiner dokke at det er viktig å starte eit samarbeid med skulen? Kvifor?
6. Kva kan vere med å hindre eit slikt samarbeid??
7. Kva for møtepunkter har de?
8. Kva for tips og råd ville du gitt for å styrke samarbeid mellom skule og næringsliv?
9. Det er viktig med forankring, både i skule og næringslivet. Er det avgjerande?

Innhald

10. Korleis arbeider elevane i bedrifa dykkar? Relevante oppgåver? Kva arbeider elevane med?
11. Korleis tenkjer du dette UE- programmet og kan vere med å bidra til eit tettare samarbeid?
12. Korleis vil du karakterisere kulturen i bedrifa? Lærings- /endringskultur? Er medarbeidarane motiverte til å ta imot elevane?
13. Er det noko du vil legge til som eg ikkje har spurt om og som du meiner er viktig at det kjem fram?

Vedlegg nr. 4

Intervjuguide – rådgjevar

Organisering av samhandling med samarbeidspartnalar

1. Korleis er samarbeidet med næringslivet organisert i dag?
2. Korleis er det formalisert? Partnarskapsavtalar? Anna? Kvifor er det ikkje formalisert?
3. Kva for aktørar i næringsliv og elles samarbeider de med?
4. Kva for møtepunkter har de?
5. På kva måte tenker du at samarbeidet mellom skolen og næringslivet kunne bli betre?
6. Fortel om eventuelle utfordringar som de har møtt på.
7. Kva skal til for å styrke samarbeid mellom skule og næringsliv?
8. Kva kjenneteiknar lokalmiljøet? Er det faktorar der som bidreg til at eit samarbeid skule-næringsliv går an å gjennomføre?
9. Korleis vil du karakterisere kulturen på skulen? Lærings- /endringskultur?

Organisering av arbeidslivsfag/Ungt Entreprenørskap - innhald

10. Korleis har skulen organisert arbeidslivsfaget i ungdomsskulen? Innhald? Fungerer det slik som det var planlagt?
11. Kan du fortel litt om korleis skulen har organisert Ungt Entreprenørskap?
12. På kva måte kan programmet Ungt Entreprenørskap vere med å styrke eit samarbeid med næringslivet? Har arbeidslivsfaget den same moglegheitene?
13. På kva måte har kommunen vore ein medspelar å initiere samarbeid mellom skule og næringsliv?
14. Er det viktig at ein har kommunen med på laget? Kvifor/ kvifor ikkje?
15. Er det noko du vil legge til som eg ikkje har spurt om og som du meiner er viktig at det kjem fram?